



Landbruksmelding

for Møre og Romsdal **2017 - 2021**



Møre og Romsdal
fylkeskommune

1	Innleiing og samandrag	2
1.1	Bakgrunn for meldinga	2
1.2	Føremål.....	3
1.3	Rammevilkår.....	3
1.4	Kopling til andre planprosessar	4
1.5	Avgrensing	4
1.6	Om arbeidet med meldinga	4
1.7	Samandrag.....	5
2	Utfordringar for landbruket i Møre og Romsdal	6
2.1	Vern av produksjonsgrunnlaget	6
2.2	Det grøne skiftet.....	7
2.3	Klima og miljø	8
2.4	Rekruttering.....	9
2.5	Utdanning og kompetanse	9
2.6	Rådgjeving	9
2.7	Forsking og utvikling.....	10
2.8	Husdyrproduksjonane	10
2.9	Planteproduksjonane	11
2.10	Økologisk jordbruk	11
2.11	Skogbruket.....	12
2.12	Bioenergi	14
2.13	Møteplassar og roller	14
3	Mål og tiltak.....	15
3.1	Auka verdiskaping basert på berekraft og meir bruk av lokale ressursar	15
3.2	Landbruket skal ta miljø- og klimaansvar	20
3.3	Landbruket skal ha ein viktig plass i den nye grøne økonomien.....	21
3.4	Landbruket skal halde ved like og utvikle godt omdømme.	21
3.5	Rekruttering, utdanning og kompetanse	22
3.6	Rådgjeving	23
3.7	Forsking og utvikling.....	23
3.8	Møteplassar og roller	24
4	Status og utviklingstrekk	25
4.1	Generelt.....	25
4.2	Internasjonale avtaler med konsekvensar for lokalt landbruk.....	25
4.3	Landbruket gir stabil forsyning og tydelege ringverknader	26
4.4	Foredling av landbruksprodukt	26
4.5	Trendar i landbruket i Møre og Romsdal – større utfordringar enn i mange fylke.....	27



4.6	Kompetanse og utdanning	30
4.7	Forsking og utvikling.....	31
4.8	Økonomi.....	32
4.9	Bruken av jordbruksareal	33
4.10	Klima og miljø	40
4.11	Husdyrproduksjonane	43
4.12	Planteproduksjon	50
4.13	Andre landbruksbaserte næringer	52
4.14	Skogbruk.....	55
5	Nøkkeltal – tabellar og figurar.....	61
6	Definisjonar, forkortinger og kjelder	73

1 Innleiing og samandrag

1.1 Bakgrunn for meldinga

Landbruksmeldinga er ein del av planstrategien for Møre og Romsdal fylke, og er laga på oppdrag frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Den første landbruksmeldinga vart vedtatt i fylkestinget den 12. desember 2012. Meldinga har eit fireårig perspektiv, og skal rullerast i løpet av kvar fylkestingsperiode. Strategiplanen for skogbruket vart i 2012 lagt fram for fylkestinget som eiga sak, men er no ein integrert del av landbruksmeldinga.

Landbruksnæringa si fremste oppgåve er å produsere mat og trevirke. Ved sidan av dette forvaltar næringa store fellesverdiar. Landbruk er grunnlaget for kulturlandskap, levande bygder og er viktig for økonomisk verdiskaping og sysselsetjing. Etter at meldinga frå 2012 vart laga har fokuset på berekraft og miljøbelastning blitt sterkare, og vi har fått omgrepene Grønt skifte. Den multifunksjonelle rolla gjer at framtida til næringa må drøftast i eit vidt samfunnsmessig perspektiv.

Møre og Romsdal er eit stort landbruksfylke, med rundt 8 prosent av ku-, storfe-, geit- og sauehaldet i landet. Møre og Romsdal er fylket med størst matproduksjon samla sett frå land og hav. Likevel står næringa overfor store utfordringar: Strukturendringar, därleg lønsemd, svak rekruttering og nedlegging av foredlingsanlegg pregar utviklinga. Sidan tusenårsskiftet er drifta lagt ned på 2000 gardsbruk her i fylket. Nedgangen er ein gjennomgåande trend, men har vore sterkare i Møre og Romsdal enn for landet i gjennomsnittet.

Vi har meir hogstmoden skog enn nokon gong tidlegare i moderne tid, men avverkinga er altfor låg. Dei siste åra har hogsten tatt seg sterkt opp, og utviklinga vil halde fram. Ressursane kan gi grunnlag for langt større lokal verdiskaping enn i dag, men meir hogst og større lokal verdiskaping setter krav til planlegging, tilrettelegging og samarbeid.

For få tiår sidan var praktisk talt all mat produsert i nærmiljøet, og ressursane gjekk inn i berekraftige kretsløp. I dag blir godt under halvparten av maten produsert av norske ressursar og råvarer, og velferda er i det lange perspektivet avhengig av landbruksproduksjon i land langt borte. Denne modellen er neppe berekraftig over tid. Vi er sårbare for mange faktorar vi ikkje styrer lokalt, slik som stabile politiske rammer og tilgang på innsatsfaktorar som fosfor og nitrogen. Usikkerheit rundt klima, miljø og nok vatn har sett ekstra trykk på utfordringane. Dette er ein varsle situasjon, som ikkje er knytt til uventa hendingar.

1.2 Føremål

Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal, heretter kalla *meldinga*, skal vere eit kunnskapsgrunnlag for å setje landbruket på den politiske dagsordenen og vise konsekvensar av ulike vegval. Den skal vere retningsgjevande for utviklinga av landbruket på regionalt nivå og bidra til å styrke landbruket og landbruksbasert næringsutvikling i fylket.

Meldinga vil også gje fylkeskommunen gode føresetnader for å vere ein tydeleg regional utviklings-aktør. Den skal legge grunnlag for ei endå betre koordinering og bruk av dei regionale verkemidla som fylkeskommunen og fylkesmannen forvaltar i samband med landbruk og landbruksbasert næringsutvikling.

Det er viktig å synleggjere Møre og Romsdal som eitt av dei fremste landbruks- og matfylka i landet – og å halde på stillinga i åra framover. Møre og Romsdal er på god veg til å bli eit betydeleg skogbruksfylke, med stort potensiale for å auke den lokal verdiskapinga.

Landbruket er framleis ei stor næring i mange kommunar i fylket. Landbruket skaper store og positive ringverknader økonomisk og kulturelt og er ein føresetnad for busetjing i svært mange bygder.

1.3 Rammevilkår

Grunnlaget for norsk landbrukspolitikk har ligge i stortingsmeldinga om landbruks- og matpolitikken (Meld. St. 9 2011-12) som vart vedteken våren 2012. Eitt av måla i stortingsmeldinga var å auke matproduksjonen i takt med folketalsauken, det vil seie ein forventa vekst på 20 prosent innan 2030.



Meld. St. 11

(2016–2017)

Melding til Stortinget

Endring og utvikling

En fremtidsrettet jordbruksproduksjon

Regjeringa følgde opp med ‘*Garden som ressurs – marknaden som mål – Vekst og gründerskap innan landbruksbaserte næringar*’ (Meld. St. 31 (2014–2015) som vart vedteken våren 2016.

«*Endring og utvikling – en fremtidsrettet jordbruksproduksjon*»

(Meld.St 11 (2016-2017) vart lagt fram for stortinget våren 2017.

Stortingsmeldinga om jordbruket legg opp til at dei fire overordna måla i landbrukspolitikken – Mattryggleik, Auka verdiskaping, Landbruk over heile landet og Berekraftig landbruk blir ført vidare.



Meld.St.6 - Skogmeldinga (2016-2017) viser til skogen som grunnlag for verdiskaping, og peikar spesielt på behovet for å løyse problem knytt til infrastrukturen. Skogen kjem til å få betydeleg oppmerksamheit framover, både som grunnlag for verdiskaping og som klimafaktor.

1.4 Kopling til andre planprosesser

Meldinga er tett kopla til arbeidet med revidering av gjeldande fylkesplan (ny Regional plan 2013-2016). Arbeidet er samordna med sektor- og temastrategiar som Regionalt miljøprogram, Regional strategi for landbruksrelatert næringsutvikling i Møre og Romsdal, Melding om kystsogbruket, Strategiplan for skogbruket i Møre og Romsdal 2008-2016, Kystsogmeldinga og Regional energi- og klimaplan.

1.5 Avgrensing

Meldinga skal omfatte landbruksnæringa, både råvareproduksjon og foredling av landbruksprodukt, men også anna næringsverksem knytt til landbruket. Med landbruk i denne meldinga er det meint jordbruk, hagebruk, skogbruk og verdiskaping knytt til natur og menneskelege ressursar på landbruksseigedommane. I den delen av meldinga som omhandler mål og tiltak vert det lagt vekt på verkemiddel innanfor det regionale handlingsrommet. Endringar av lovverk og sentrale føresegner er derfor drøfta i svært liten grad.

1.6 Om arbeidet med meldinga

Meldinga har hatt fokus på overordna prinsipp og strategiar og det ferdige arbeidet har status som fagmelding. Arbeidet har vore prega av brei involvering og grundige prosessar. Arbeidet med landbruksmeldinga har vore leia av ei styringsgruppe med medlemer frå fylkeskommunen, fylkesmannen og næringsorganisasjonane Bondelaget, Bonde- og småbrukarlaget og Allskog. Fylkesmannen har hatt ansvaret for å organisere arbeidet, og å skrive utkastet til meldinga.

Styringsgruppe:

Frank Madsøy (Fylkesmannen i Møre og Romsdal), leiar

Oddvar Mikkelsen (Møre og Romsdal bondelag)

Stein Brubæk (Møre og Romsdal bonde- og småbrukarlag)

Anna Ceselie Brustad Moe (Allskog)

Eivind Vartdal Ryste (Møre og Romsdal fylkeskommune)

Ottar Longva (Fylkesmannen) har vore sekretær for styringsgruppa.

Desse gruppene har vore i arbeid med meldinga :

Temagruppe 1 : Næringsutvikling (sekretær Per Eldar Nakken, Fylkesmannen)

Hilmar Kleppe (Møre og Romsdal sau- og geit), Inge Martin Karlsvik (Landbruk Nordvest); Jostein

Silseth (Felleskjøpet), Linda Alnes Optun (IPT nettverket); Lisbeth Valle (Tine); Magne Mo

(Mattilsynet); Oddveig Gikling Bjørnå (Nortura); Petter Melchior (Bondelaget); Qurien van Oirshot

(Hanen); Stein Brubæk (Møre og Romsdal bonde- og småbrukarlag); Steinar Johnsen (Innovasjon

Norge) ; Birgit Oline Kjerstad (Tine)

Temagruppe 2 : Miljø, ressursgrunnlag og det grøne skiftet (sekretær Synnøve Valle, Fylkesmannen)

Oddveig Gikling-Bjørnå (Nortura); Rose Bergslid (Bondelaget); Wenche Ytterli (Felleskjøpet) ; Rune

Sjåholm (Landbruk Nordvest); Nils Edvin Sanden (Midsund kommune); Olav Martin Synnes (NLR Vest);

Joshua Fenton Cabell (NIBIO); Kenneth Høyning (Tine); Bent K. Moen (Møre og Romsdal bonde- og

småbrukarlag)

Temagruppe 3 : Strategiplan for skogbruket (sekretær Kåre Kristen Totlund/ Odd Løset,

Fylkesmannen)

Anne Kathrine Løberg (Søre sunnmøre landbrukskontor), Tarald Thorshov (Sunndal kommune); Anna

Ceselie Brustad Moe (Allskog); Tore Dønheim (Skogselskapet); Ivar Egil Gjøra (Nortømmer); Oddvar Mikkelsen (Bondelaget); Magnus Bøklep; Paul Einar Sæter (Møre og Romsdal bonde- og småbrukarlag)

Arbeidsgruppe 4 – Rådgjeving, samarbeid, kompetanse og rekruttering (sekretær Ottar Longva, Fylkesmannen)

Arnar Lyche (Bondelaget); Brit Kari Eidseflot Hauger (Nortura); Turid Strøm (Norsøk); Dag Arne Helle (Felleskjøpet); Unni Støbet Lande (NIBIO); Aadne Haarr (Gjermundnes VGS / Fylkeskommunen); Ragnhild Tunheim (Møre og Romsdal bonde- og småbrukarlag); Lasse Krogseth (Tine); Jon Geirmund Lied (Landbruk Nordvest)

Arbeidet med meldinga er finansiert gjennom eigeninnsats frå kvar av organisasjonane, ressursar frå Fylkesmannen til sekretariatsarbeidet, og midlar frå Landbrukselskapet i Møre og Romsdal.

1.7 Samandrag

Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal vart handsama i fylkestinget i desember 2012. Meldinga hadde eit fireårig perspektiv, og skal reviderast. Dette dokumentet er ei oppdatering og vidareføring av meldinga frå 2012, slik fylkestinget bad om.

Landbruksmeldinga skal vere eit kunnskapsgrunnlag for å setje landbruket på den politiske dagsordenen og vise konsekvensar av ulike vegval. Den skal vere retningsgjevande for utviklinga av landbruket på regionalt nivå og bidra til å styrke landbruket og landbruksbasert næringsutvikling i fylket.

Rammevilkåra blir stort sett bestemt på nasjonalt eller internasjonalt nivå – men innanfor desse rammene har vi eit lokalt handlingsrom. Meldinga legg vekt på det som er viktig for landbruket i Møre og Romsdal, og det som vi faktisk kan gjere noko med. Ny stortingsmelding for jordbruket skal leggast fram for Stortinget våren 2017, og det er grunn til å tru at dette i betydeleg grad vil påverke rammene for næringa. Fokuset på det lokale handlingsrommet gjer at Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal likevel står støtt.

Av same grunn er meldinga ikkje tydeleg på lokale produksjonsmål. For alle produksjonane må det vere eit mål å følgje etterspørseren i marknaden, og i det minste behalde relativ andel av nasjonal produksjon.

Strategiplan for skogbruket som i 2012 vart lagt fram for fylkestinget som eiga sak, er no inkludert i landbruksmeldinga. Skogen som vart planta på femti- og sekstitallet har blitt hogstmoden, og Møre og Romsdal har på få år blitt eit betydeleg skogfylke. Vi veit at hogsten kjem til å auke år for år framover, og både forvaltning og næring må planlegge for langt større aktivitet. Utfordringane går på organisering, drift og transport - og moglegheitene ligg i større verdiskaping og aktivitet. Det bør absolutt vere mogleg å foredle meir av tømmeret her i fylket.

Landbruket er ei politisk næring, og det er viktig å forvalte gode relasjonar til samfunnet rundt på ein skikkeleg måte. Landbruket skal stå fram som ansvarleg og aktiv samfunnsaktør, og følgje opp pliktene knytt til klima-, miljø og jordvern. Samtidig er det relevant å peike på at landbruket må få ein større plass i det langsigtige beredskapsarbeidet. I løpet av nokre få tiår har strukturane rundt

matproduksjonen blitt dramatisk endra – frå kretsløpsbasert produksjon basert på lokale ressursar, til at vi har gjort oss avhengig av prosessar vi ikkje påverkar – m.a. politiske stabilitet, endringar i klima, og tilgang av knappe ressursar som vatn og fosfor. Dette er ei grunnleggjande utfordring for samfunnet, meir enn eit problem for næringa.

Prosessen rundt landbruksmeldinga har involvert næringa i stor breidde, og diskusjonane har vore nyttige som næringspolitiske arenaer og som idesmier. Landbruksnæringa må ha gode møteplassar for å identifisere utfordringane, prioritere og finne løysingar. Dette aspektet har vist seg å vere viktig i prosessen, og temaet er også tatt opp i sluttdokumentet.

Landbruksmeldinga drøftar utfordringane for landbruksnæringa, og følgjer opp med eit kapittel med omtale av mål og tiltak. Tiltaka blir forankra med ansvar knytt til kvar aktør. Den siste delen av meldinga (Status og utviklingstrekk) er i hovudsak presentasjon av landbruksnæringa – slik den er i dag.

Landbruket har ein viktig plass i den nye grøne økonomien. Næringsa må søkje samarbeid med andre sektorar, og spesielt sjå etter område der vi har komplementære roller. Moglegheitene synes særleg store i grenseflata mellom grøn og blå sektor, og mellom landbruk, lokal mat og reiseliv.

Den overordna målsetjinga er at Møre og Romsdal skal ha eit berekraftig og aktivt landbruk over heile fylket. Auka verdiskaping skal baserast på berekraftig bruk av lokale ressursar.

2 Utfordringar for landbruket i Møre og Romsdal


Med utgangspunkt i hovudmålet om at **«Møre og Romsdal skal ha eit berekraftig og aktivt landbruk over heile fylket»** har vi fleire tunge utfordringar.

Landbruket er i stor grad ei politisk næring, der rammevilkåra blir bestemt på nasjonalt nivå, eller som konsekvens av internasjonale avtalar. Innanfor desse rammene har vi eit lokalt handlingsrom, og det er først og fremst desse moglegheitene som blir drøfta i meldinga. Meldinga legg vekt på det som er viktig for landbruket i fylket, og som vi faktisk kan gjere noko med.

2.1 Vern av produksjonsgrunnlaget

Landbruket har utgangspunkt i lokale ressursar som areal, kapital, kompetanse og arbeidskraft. Dei naturgitte føresetnadane varierer, men utfordringane er langt på veg dei same over heile fylket. Den

nasjonale målsetjinga om aktivt landbruk over heile landet, er speglar i ambisjonen om eit berekraftig og synleg landbruk over heile fylket.



Talet på bønder har gått ned gjennom fleire tiår – og i nokre bygder er det slik at bøndene som er igjen ikkje klarar å drive all jorda. Strukturrasjonaliseringa utfordrar målsetjinga om landbruk over heile fylket. Nedbygging av jordbruksareal er langt på veg irreversibel prosess – og ei stor utfordring både

internasjonalt, nasjonalt og lokalt. Vern av arealressursane er fundamentet for å halde oppe lokal matproduksjon, god matvareberedskap og levande kulturlandskap.

Den nasjonale målsetjinga er å redusere nedbygging og omdisponering av dyrkamark til under 4000 dekar i året. Møre og Romsdal må som minstemål ta sin relative del av dette, og ha som ambisjon å halde omdisponert areal dyrkamark under 200 dekar i året.

Mange bruk går ut av produksjon, men det meste av ressursane blir drifta av andre. Det er likevel viktig å peike på at det i nokre bygder ligg betydelege areal ubrukt, sjølv om det er etterspørsel etter ressursen. Sidan år 2000 har meir enn 70 000 dekar - eller rundt 12 % av jordbruksarealet - gått ut av drift. Det meste av dette er ressursar som kan settast i produksjon, og som er eit openbart potensiale for det aktive jordbruket.

Kommunane skal forvalte regelverket om driveplikt, og legge til rette for at ressursane blir forvalta på ein god måte. I dette ligg forventningar om at kommunen tar tak i utfordingane rundt jordleige og ressursar som går ut av aktiv drift. Innsatsen må sjåast i samanheng til forvaltning av jordvernet, og det må på plass ein gjennomgående lik praksis, - frå kommune og vidare til klageorganet. Vi viser til erfaringane som er gjort av Midsund kommune, som har laga ein handlingsplan for oppfølging av driveplikta.

	2007	2016
Tal føretak produksjonstilskot	3237	2621
Dyrka jord i drift	587599	537422
Gjennomsnittleg dyrka jord i drift per føretak	188	207

Tal bruk og areal (dekar)

Kjelde: Landbruksdirektoratet

Eigedomssstrukturen er tilpassa drifta slik den var mange tiår tilbake i tid. Nesten alle mjølkeprodusentane må leige jord, og i snitt for fylket er meir enn halvparten av jordbruksarealet leigejord. Bøndene vil naturleg nok investere meir i eige areal enn i leigd jord, og over tid vil den samla jordkapitalen bli mindre. Store investeringar basert på leigd areal er problematisk – i forhold til finansiering og pantsetting, og opp mot eigarskifte.

Topografien gjer at mange gardsbruk er naturleg oppdelte i fleire jordstykke, ofte med store avstandar mellom jord og driftssenter. Det gjennomsnittlege jordstykket i Møre og Romsdal er i dag 8,5 dekar

Møre og Romsdal er på veg til å bli eit betydeleg skogbruksfylke. Det som vart planta på femti- og sekstitallet har blitt hogstmoden skog, og ressursen gir grunnlag for inntekter, arbeidsplassar og råvarer for vidareforedling. Skogen si rolle som CO₂ bindar blir viktigare og viktigare – og produksjonsarealet må takast vare på. I dette ligg at god skog skal vernast mot nedbygging, og at skog som blir hoggen må erstattast gjennom nyplanting.

Landbruket må få ein større plass i beredskapsarbeidet enn før. På få år har næringskjedene blitt forandra – frå kretsløpsbasert produksjon basert på lokale ressursar, til netto stor import av matvarer frå andre verdsdelar. Denne modellen gjer oss sårbar for både politiske og klimatiske endringar, og avhengige av globalt knappe ressursar som vatn og fosfor.

2.2 Det grøne skiftet

Landbruket er ei grøn næring i meir eller mindre permanent skifte. Produktivitetsveksten i landbruket har gjennom mange år vore høgare enn i dei fleste andre næringane. Bøndene har jobba

langsiktig og systematisk for å få betre genetisk materiale, bere gjødselhandtering og rett medisinbruk – for å nemne nokre få døme. Bondelaget har sett i gang prosjektet Klimasmart matproduksjon, og varslar at ambisjonen er fossilfritt landbruk innan 2030.

Skogbruket har ein viktig plass i den grøne økonomien. I prinsipp kan trevirke brukast som utgangspunkt for ei lang rekke produkt som i dag er laga med olje som råstoff. Det skjer ei rivande utvikling rundt nye produkt basert på råvarer frå skogen.

Sjølv om mykje er gjort, er potensialet langt større – og landbruket må nødvendigvis vere ein viktig del av omlegginga til ein berekraftig økonomi basert på fornybare, lokale ressursar.

Landbruket må engasjere seg i tverrsektorielt samarbeid om FoU, forvaltning og næringsutvikling. Dette er særleg relevant for grenseflata mellom grøn og blå sektor.

2.3 Klima og miljø

Landbruket er påverka av klimaendringar og er sjølv ei kjelde for utslepp av klimagassar. Landbruket må ta klimautfordringane på alvor, og innrette produksjonen slik at miljøbelastninga blir minst mogleg. I dette ligg fokus på «miljørett» gjødsling, god agronomi, og tiltak for å halde tap av næringsstoff på lavt nivå. Samtidig er landbruket ein del av løysinga på klimautfordringane gjennom produksjon av fornybar energi, miljøvennlege materialar og ved lagring av karbon. Skogen i Møre og Romsdal har eit årleg nettoopptak av CO₂ i storleiksordenen 1,1 – 1,4 mill. tonn inkludert greiner, stubbar og røter. Det er også verdt å nemne at varig eng og beitebasert produksjon gjer at det blir bunde mykje CO₂ i grasmark. Det er stort potensiale for å auke skogen si betydning i klimasamanheng. Vi har store areal som kan plantast til, og som kan gi eit betydeleg bidrag til binding av CO₂.

Overskot av nitrogen (N) aukar faren for utslepp av lystgass. Det er godt dokumentert at dei fleste gardsbruk kjøper inn langt meir N enn kva som går ut gjennom mjølk og kjøt. Overskotet har vi ikkje kontroll på, men det er sannsynleg at ein god del blir vaska ut eller endar opp som lystgass. Gode tiltak – basert på rekneskap for næringsstoffbalanse og faktabaserte analyser – kan gi både bedriftsøkonomisk gevinst og positiv klimaeffekt.


Landbruket skal arbeide for at meir bruk av fornybar energi, og mindre bruk av fossile kjelder. Dette går mellom anna på bruk av tre til oppvarming og konstruksjonsvirke, og å hente metan ut frå husdyrgjødsel. Det blir utvikla mykje teknologi som får betydning for klima- og miljø. Bruk av robotar, GPS teknologi og «punktbehandling» av ugras og sjukdom kan opne for å redusere bruk av plantevernmiddel og gjødsel, og elektrisitet kan kome inn som energiberar i landbruksmaskiner. Dette er teknologi som ligg nokre få år inn i framtida.

Det er godt samsvar mellom effektive klimatiltak og god agronomi. God jordstruktur, effektiv drenering, optimal kalking og gjennomtenkt gjødselhandtering er alle klimarette tiltak, og samanfallande med god gardsdrift. Norsk Landbruksrådgjeving (NLR) skal framover arbeide meir med klimasmart landbruk og næringsstoffsrekneskap på gardsnivå.

Det er laga ein regional delplan for klima og miljø for perioden 2015 til 2020. Landbruket er og skal vere ein viktig aktør i klima- og miljøarbeidet.

2.4 Rekruttering

Eigarskifte og rekruttering er mellom dei største spørsmåla næringa står framfor. Mange bønder nærmar seg slutten av yrkeslivet, og det er på ingen måte sikkert at mange unge i nærslekt står klar til å gå inn i drifta. Trendundersøkelsen frå 2016 viser at 35 prosent av bøndene har passert 60 år, og framtida på mange av gardsbruka er usikker.



Aldersfordeling aktive bønder

Kjelde : Trendundersøkelsen 2016

Landbruksnæringa må tenke generasjonsskifte som andre næringar, med mindre vekt på tradisjonar og nærfamilie, - alternativet er at mange gode landbruksføretak går ut av produksjon. Fokuset på landbruk som næring har variert over tid, og trendane er i stor grad styrande for etterspørseren etter gardsbruk. Det er også viktig å peike på at for den som går ut av næringa, er det ofte mest lønsamt å avvikle og selje garden til andre formål enn landbruk.

Skogbruket har utfordringar med å rekruttere arbeidskraft til nøkkelfunksjonar som hogst, planting og ungskogpleie, transport og planlegging.

Temaet rekruttering grip inn i fleire andre tiltaksområde, m.a. opplæring, finansiering, rådgjeving og omdømmebygging. Meldinga legg vekt på å løfte tiltak på område med stort lokalt handlingsrom.

2.5 Utdanning og kompetanse

Landbruket er ei kunnskaps- og kapitalintensiv næring, med stort behov for kompetanse på fag som agronomi, økonomi, husdyrnæring, skogbruk og bedriftsleiing. I tillegg til grunnutdanning for ungdomar trengst det tiltak mot arbeidssøkjarar som vil inn i landbruket, og for folk som vil ta over gardsbruk i vaksen alder. I tillegg til grunnutdanning, må bøndene ha tilbod om oppfølging, vidareutdanning og eventuelt spissing av kompetanse. Større breidde i næringsgrunnlaget på mange gardsbruk, gjer at det vert aktuelt å rigge tilbod på fleire område – lokal mat kan stå som eksempel.

Praktisk talt alle som går inn i landbruket er godt over 20 år, - mange er godt over 40 år - og dei fleste har utdanning og erfaring frå andre sektorar. Dette stiller store krav til nye bønder, men det kallar også på innsats frå fylkeskommune, samvirke og Norsk Landbruksrådgjeving (NLR).

Omlegginga av skogbruket har skapt behov for ny type kompetanse, både i næringa og i forvaltninga. Dette behovet er berre delvis dekka opp gjennom tilbodet i vidaregåande skule.

2.6 Rådgjeving

Landbruket er kompetanseintensivt og utviklingsretta – og næringa har og må ha kompetent og kostnadseffektivt rådgjevingsapparat. Fleire aktørar tilbyr rådgjeving, mellom andre Norsk Landbruksrådgjeving (NLR), Tine, Nortura og Felleskjøpet. Rådgjevinga blir organisert og styrt av kvar enkelt organisasjon / tilbydar, men samtidig er det i bonden si interesse å sjå til at heile spekteret er dekka, og at det er ei fornuftig arbeidsdeling mellom aktørane. Det vil heile tida vere behov for å diskutere spørsmål som ansvarsdeling, fagleg og geografisk, balanse mellom spiss og breidde, og

ulike former for samarbeid internt og med aktørar i andre regionar. Både Hoppid og Matnavet Mære er kvar på sine område viktige supplement til det tradisjonelle rådgjevingsapparatet.

Kompetanseløft Trøndersk landbruk har gjort erfaringar med fleire modellar for nettverk og læringsarenaer. Den mest vellykka modellen er mentorordninga – der erfarne bønder vert engasjert/ oppnemnd av tiltakseigar for å dele erfaringar og gi råd til kollegaer som søker hjelp. Mentor må ha rett kompetanse og personlege eigenskapar som gjer at vedkomande er skikka til rolla. Tiltakseigar kan støtte kvar avtale økonomisk, og kvar mentor kan ha fleire avtalar. Tema som mjølkerobot, bonde i investeringsfase, og lokal foredling er døme på aktuelle emne, og nye / unge bønder skal prioriterast høgst. Det er aktuelt å etablere mentorordning etter modell frå Trøndelag.

Landbruksforvaltninga i kommunane har skifta karakter – der hovudtrekket er at kontrollfunksjonen har fått ein langt større plass – dette gjeld både skogbruk og jordbruk. Den auka aktiviteten i skogbruket krev større innsats på forvaltning, planlegging og tilrettelegging. Dette er oppgåver som ligg til kommunane, og næringa er bekymra over at ressursane til kommunal landbruksforvaltning har blitt mindre siste åra.

Landbruksmeldinga kan ikkje gi føringar for aktørane som tilbyr rådgjeving, - men meldinga kan legge til rette for faste arenaer der desse spørsmåla blir drøfta.

2.7 Forsking og utvikling

Landbruket er kapital- og kompetanseintensivt, med stort behov for å flytte kunnskapsfronten på fleire område. Den generelle innsatsen på landbruksrelatert FoU er viktig, men lokalt skal vi ha særleg fokus på tiltak som er spesielt viktige for verdiskapinga i Møre og Romsdal. For å nå gjennom må landbruksnæringa stå samla om prioriteringane, og løfte det som har særleg relevans her i fylket. Behova må identifiserast i næringa, og løftast fram av organisasjonane dette er særleg relevant for. Næringa må ha arenaer for å identifisere og prioritere viktige innsatsområde, og samle kreftene for å få gjennomført det som er viktig for landbruket her i fylket.

2.8 Husdyrproduksjonane

Det aller meste av jordbruket i Møre og Romsdal er knytt til husdyrhald. Om lag 96 % av all dyrka jord i fylket blir brukt til grasproduksjon. Mjølkeproduksjon står for meir enn halvparten av samla verdiskaping frå landbruket. Det har dei siste ti-åra skjedd stor teknologisk utvikling, som har ført til ei stor strukturendring. Både rundballepressa, som kom i løpet av 1980- og 1990-talet, og mjølkeroboten, som kom rundt år 2000 har medverka til store endringar. Avdråtten har gått opp frå 6100 kg i 2000 til 7500 kg i 2016, og importen av proteinrikt kraftfôr har auka mykje. Det samla mjølkevolumet har samtidig gått litt ned, og behovet kan dermed dekkjast med færre kyr enn før. Færre kyr betyr færre kalvar, og konsekvensen er at det blir fødd for få kalvar til å dekkje etterspørselen etter kjøtt frå storfe.

Buskapane har blitt lang større, og bøndene har blitt avhengige av å hente fôr og finne spreieareal langt unna. Transport av for og gjødsel har for mange blitt ein stor del av den daglege drifta. Transport har blitt ein stor kostnad i tid og pengar, og ein negativ faktor i klima- / miljørekneskapen.

Sau- og geitehald er grovfôrbasert produksjon som hentar store delar av forgrunnslaget frå utmarka. Sauehaldet har vi over heile fylket, medan geitene er konsentrert til nokre få aktive miljø på søre sunnmøre. Strukturen har endra seg mykje på få år – buskapane har blitt større, og bøndene hentar

før frå areal lenger unna enn før. Produsentane av geitmjølk har siste åra gjort mykje for å heve kvaliteten på produkta og helsetilstanden i besettingane.

Tap av sau på beite er ei stor utfordring – både driftsøkonomisk og sett frå eit dyrevelferds-perspektiv. Både flåttborne sjukdomar, alveld og tap til freda rovvilt er viktige element, men det er nødvendig med forsking for å få fram fakta og finne grunnlaget for å sette inn mottiltak.

Forskinga på årsakene til alveld gir grunn til optimisme, og effektive tiltak for å binde giftstoffa synes å vere innanfor rekkevidde. Uttak av rovvilt, tidleg sinking der det må forventast tap, og organisering av beredskapsbeite er aktuelle tiltak for å få ned tapa til jerv. Utvida tilsyn, bruk av vaktarhund og kadaversøk med hund er andre aktuelle tiltak.

Møre og Romsdal er eit utprega grasfylke med store beiteressursar, og det ligg godt til rette for å auke produksjonen av sauekjøt.

2.9 Planteproduksjonane

Om lag 96 % av jordbruksarealet i Møre og Romsdal blir nytta til grasproduksjon. Like fullt er det andre viktige planteproduksjonar fleire stader i fylket. Det er lokal foredling i til dels stor skala i tilknyting til både potetproduksjonen i Sunndal, gulrotproduksjonen på Smøla og jordbærproduksjonen i Valldal. Elles er det noko kornproduksjon, særleg i Surnadal, Sunndal, Fræna og Rauma. Kornet som blir produsert her i fylket går i all hovudsak til dyrefôr. Det er kornmottak både i Vestnes og Surnadal. Kornarealet har gått mykje ned, det er nesten halvert på 10 år.

Jordbærproduksjonen i Valldal går i stor grad til industriformål, men det er òg mykje jordbær som går til direkte konsum. Produksjon av bær er arbeidsintensivt, og tilgang på arbeidskraft er ein flaskehals for mange som kunne vurdere slik produksjon. Marknadspotensialet er langt frå utnytta, og det er rom for betydeleg vekst i volum.

2.10 Økologisk jordbruk

Økologisk landbruk byggjer på internasjonale prinsipp med vekt på både helse, dyrevelferd, kretsløp, rettferd og varsemd. Marknaden for økologisk mat aukar – og har gjort det i mange år. For norsk landbruk er det utfordrande at etterspørsmålen aukar meir enn den innanlandske produksjonen. Dette betyr større press på import, og sannsynleg varig tap av marknadsandelar.


Møre og Romsdal er ikkje mellom dei fremste fylka på økologisk landbruk. Vi har nokre aktive produksjonsmiljø, men samtidig er vi langt unna å nå dei politiske ambisjonane om 15% økologisk produksjon i 2020. Produksjonen auka fram til 2010, men har dei siste åra gått tilbake. Regjeringa foreslår (St meld 11 2016/17) å gå bort frå produksjonsmålet, og overlate meir til marknadsmekanismane.

Tine og Nortura vil konsentrere økoproduksjonen geografisk, og går ikkje inn avtalar med nye økoprodusentar i vårt område (2017). Tilgang på økologisk produsert kraftfôr er dessutan ein flaskehals for økologisk husdyrhald. Med dette som ramme er potensialet for nye produsentar å finne innanfor frukt, bær og grønsaker.

NORSØK på Tingvoll er det fremste miljøet i landet på økologisk jordbruk, og er ein viktig aktør i det samla kompetansemiljøet i landbruket.

2.11 Skogbruket

2.11.1 Avverking og verdiskaping



Produktivt skogareal fordelt på treslag

Kjelde: Fylkesmannen

Vi har meir hogstmoden skog enn nokon gong tidlegare i moderne tid, men avverkinga er altfor låg. Dei siste åra har hogsten tatt seg sterkt opp, og utviklinga vil halde fram. For Møre og Romsdal er det realistisk å rekne med ei stabil avverking på 350.000 m³ gran frå 2020 og utover.


Dette er ressursar som kan gi grunnlag for betydeleg lokal verdiskaping. I dag blir så godt som alt råstoff av gran sendt ut av fylket. Det meste går på båt til Sverige og Tyskland, medan noko gran frå dei nordlegaste kommunane blir sendt nordover til

Trøndelag. Industrien i Trøndelag blir avhengig av større leveransar av gran frå Møre og Romsdal. I strategiplanen er det lagt opp til å halde stabil avverkinga av furu for å dekkje behovet til lokal industri.

Ein stor del av skogen i Møre og Romsdal ligg i vanskeleg terren, og uttaket av ressursane er sårbar i forhold til prisnivå og tilskotsordningar. Det er grunn til å understreke verdien av midlar til taubanedrift. Landsskogtakseringa har vurdert at opp mot 60 % av kulturskogen står i helling brattare enn 30 %. Mykje av arealet er ulendt terren med därleg bereevne, og det kan vere vanskeleg å leie bort vatnet etter hogst.

2.11.2 Forynging, skjøtsel og kvalitetsproduksjon

Lovverket er tydeleg på at areala skal foryngast etter hogst. Regelverket gir detaljerte føringar om plantetetthet og kor lang tid det kan gå før arealet blir tilplanta. Sertifiseringsreglane for skogbruket (PEFC) seier at val av foryngelsesmetode skal beskrivast samtidig som hogsten blir planlagt. Gransnutebillen gir store utfordingar, og skogeigar må vente med planting i tre vekstsesongar etter hogst for å redusere risiko for skade. Vi har derfor krav om nyplanting innanfor ei tidsramme på 4 år. Både det offentlege og næringa må sjå til at regelverket blir følgt opp i praksis.



Nyplanta skog skal skjøttast, og tiltaka skal bidra til gode produksjon med høg kvalitet. Sjølv om skogskjøtsel i seg sjølv er økonomisk lønsamt, har tiltaka så langsiktig perspektiv at det er nødvendig med gode og stabile finansieringsordningar. Det er nødvendig med offentlege tilskot og skogfond med skattefordel for å halde aktiviteten oppe.

Planting av gran og furu (tal planter)

Kjelde: Fylkesmannen

Vi har store areal med altfor tette bestand av gran i hogstklasse 3. Det er utfordrande å få gjort vanleg førstegangstynning på desse areala, men potensialet for å få opp både volum og kvalitet – og dermed økonomien – er så stor at tiltaka bør gjennomførast. Dette vil fungere som ei sein avstandsregulering, der enkelte av trea har nådd dimensjonar for sal. Liten eller ingen utbreiing av skadeinsekt som stor og liten granborkbille i fylket gjer at dette ikkje bør føre til konsekvensar i forhold til lovverket om god skoghygiene. Det er også relevant at avstandsregulering er positivt for biologisk mangfaldet og friluftsliv. Verkemiddelbruken bør vurderast opp mot behovet i den enkelte kommune.

Det er vanskeleg å finne kvalifisert arbeidskraft til skogskjøtsel. Forholda må leggast til rette for å engasjere etablerte skogsarbeidarar, og det kan bli nødvendig å engasjere utanlandsk arbeidskraft.

2.11.3 Tømmertransport, logistikk og vegstandard

Skogbruket er avhengig av god logistikk, og transport med tungt utstyr på veg. Kostnadane med omlasting kan vere avgjerande for om uttaket ber seg økonomisk. Fjordarmar, ferjer og mange smale vegar gjer skogsdrifta i Møre og Romsdal særleg krevjande, og næringa er avhengig av godt samarbeid med kommunane og vegvesenet for å få løysingar som er til å leve med. Vektgrenser og flaskehalsar på det kommunale vegnettet er særleg utfordrande. På fylkes- og riks-/europaveg i Møre og Romsdal er det meir eller mindre opna opp for det minste kravet til skognæringa som er 19,5 m lange tømmervogntog og 50 tonn maksimal vekt. For resten av landet vert det arbeidd med å få til 24 m lengde og 60 tonn maksimalvekt. Det er ikkje nødvendigvis slik at tyngre utstyr gir større belastning på veg, og det er viktig å få fram fleire fakta for å finne ei fornuftig avveging. Tømmertransport på veg med 8 tonn akseltrykk og 50 tonn total last vil vere nesten 30 % dyrare enn på veg med 10 tonn akseltrykk og 60 tonn total last.

Det er sett i gong eit prosjekt for å påskynde prosessen i kommunane med å identifisere flaskehalsar og skrive opp viktige vegar i veglista. Denne type prosjekt er gjennomført i store delar av landet elles, men her i fylket går vegvesenet, skognæringsforumet og Fylkesmannen saman om prosjektet. Målet er å få tømmerbilen opp i skogen, både for å unngå farlege situasjonar med lasting på offentleg veg, men også for å redusere terrengetransporten. Kvart år blir det bygt 20 – 30 nye vegar

for tømmerbil, med samla lengde på 15 – 20 kilometer. I dag er det flaskehalsar for tømmerbilar på om lag 78 % av dei kommunale vegane (*Rapport: Klassifisering av offentlig vegnett etter tillatt totalvekt for tømmervogntog 2016*).

Transport av tømmer på båt har blitt svært viktig. Mykje av sagtømmeret går til Tyskland, medan massevirket vert levert til industri i Trøndelag. Transport av tømmer på båt er rasjonelt og kostnadseffektivt.

Rasjonelle logistikk og kostnadseffektiv

Skogsvegar - ferdigmelde
Kjelde: Landbruksdirektoratet

transport til kjøparar utanfor fylket er naturlegvis viktig, men det største potensialet ligg i å hente ut større verdiar gjennom å foredle produkta her i fylket.

2.12 Bioenergi

Meir bruk av bioenergi er viktige tiltak både i regionale og nasjonale strategiar for klima og miljø. Både uttak av metan frå husdyrgjødsel og meir bruk av ved/flis til oppvarming er høgaktuelle tiltak som går både på energiforsyning, utslepp av klimagassar og bevaring av kulturlandskapet. På kort sikt har bioenergi frå trevirke størst potensiale.

Skogbruket skal spele ei vesentleg rolle i overgangen til meir bruk av grøn energi. Den største utfordringa er lave kostnadar ved å bruke elektrisitet eller olje. Skal bioenergien få stort omfang må det settast inn tiltak – både organisatorisk og økonomisk. Alle aktørane i verdikjeda må sjå ei forretningsmoglegheit.

2.13 Møteplassar og roller

Landbruksnæringa har behov for gode møteplassar på tvers av organisasjonane. Meldinga identifiserer dei faste punkta vi har i dag, og møteplassar vi skal rigge for den komande fireårs-perioden. Møteplassane er grunnlaget for samarbeid mellom sektorane, og for at landbruksnæringa kan samlast om mål og metode. Tiltakslista identifiserer møter som har relevans for heile landbruksnæringa. Nytt element er «Landbruksmøtet» som skal vere fast arena for å løfte strategisk samarbeid på tvers av heile næringa.

3 Mål og tiltak

Den overordna målsetjinga er at **Møre og Romsdal skal ha eit berekraftig og aktivt landbruk over heile fylket**. Med landbruk er å forstå både jordbruk og skogbruk. Strategien for den komande fireårsperioden har desse delmåla ;

A) Auka verdiskaping skal baserast på berekraftig og meir bruk av lokale ressursar

Verdiskapinga i landbruket skal aukast der Møre og Romsdal har naturlege fortrinn.

Veksten i verdiskapinga skal vere basert på berekraftig bruk av stadeigne ressursar.

Det er særleg viktig å legge til rette for utvikling av mjølkeproduksjonen, også på små og mellomstore bruk.

B) Landbruket skal ha ein viktig plass i den nye grøne økonomien

Innovasjon innan næringa, utvida samarbeid med foredlingsindustrien og trebasert innovasjon skal styrke landbruket som innovativ grøn næring. Landbruket skal gjer seg meir nytte av forskingsbasert innovasjon

C) Landbruket skal ta miljø- og klimaansvar

Landbruket skal legge vekt på miljø- og klimavennlege løysingar, og stå fram som handlingsretta og ansvarleg i miljøsaker.

D) Landbruket skal halde ved like og utvikle godt omdømme.

Næringa skal vere synleg for alle, og bidra til kjennskap og kunnskap i samfunnet om mat og matsikkerheit, berekraft, kulturverdiar og rolle i lokalsamfunna. Landbruket skal legge vekt på god dyrevelferd i alle aktuelle samanhengar. Landbruket skal vere synleg som ansvarleg samfunnsaktør, verdiskapar og som attraktiv arbeidsplass.

E) Landbruket skal stå fram som ein attraktiv arbeidsplass

Landbruket skal legge til rette for rekruttering, og ta godt vare på dei som kjem inn i næringa.

Tiltakslista visar også kva aktørar som har ansvar knytt til kvart tema. Aktørane som er merka med *) har eit spesielt oppfølgingsansvar, må kunne rapportere utover i perioden om kva som faktisk er gjort. Kommunane er viktige aktørar for å gjennomføre landbrukspolitikken – nasjonalt og lokalt. Nokre av oppgåvene er lovfesta, andre er avleia av det generelle landbruksoppdraget. Samtidig er det slik at kommunane ikkje er ein, men fleire sjølvstendige organisasjonar. Når kommunane er ført opp med ansvar i tiltakslista, må dette derfor lesast som forventingar om at den enkelte kommunen tar tak i den aktuelle oppgåva

3.1 Auka verdiskaping basert på berekraft og meir bruk av lokale ressursar

Vern av arealressursane er ein føresetnad for å auke matproduksjonen, ta vare på landbruket i heile fylket og sikre ein matproduksjon basert på norske ressursar. Utgreiingar viser at bøndene som blir igjen i ei bygd ikkje klarer å drive alt areal frå dei nedlagte bruka. Strukturrasjonaliseringa dei siste åra er svært utfordrande dersom ein skal stanse nedgangen i dyrkjord.

Areal og ressursforvaltning: *Ta vare på landbruket sitt produksjonsareal og kulturlandskap og stanse nedgang i dyrkajord*

Kommunen må kvart år (kontinuerleg) og periodisk oppdatere arealressurskartet (AR5) i tråd med avtalen gjennom Geovekst og sentrale retningslinjer, slik at arealbaserte tilskot kan bli utmålt på korrekt grunnlag, og kommunen kan ha god og oppdatert kunnskap om arealtilstanden i kommunen, som grunnlag for planlegging.	Kommunane * Fylkesmannen
Sikre utvalde naturtyper og truga artar i jordbrukets kulturlandskap. Hindre gjengroing av prioriterte landskap	Fylkesmannen* Kommunane
Møre og Romsdal skal omdisponere maksimum 200 dekar dyrka jord i 2021. Produktive skogareal må vernast mot nedbygging. Dette føreset ein streng praksis for omdisponering av dyrka/ dyrkbar jord	Kommunane * Fylkesmannen
Kommunane må aktivt følgje opp drivepliksbestemmelsane i jordlova, jfr. erfaringane som er gjort i Midsund kommune.	Kommunane*
Legge til rette for at kommunane kan ta ei aktiv rolle for å følgje opp føresegne om driveplikt i jordlova, for eksempel ved å kartlegge jord som ikkje vert drive og som det er etterspørsel etter. Lage kartbaserte analysar som synleggjer «ledige» ressursar	Fylkesmannen*

Beiting: *Det skal beitast meir i Møre og Romsdal. Flaskehalsar som gjer beiting vanskeleg skal fjernast, og samarbeid om beitetiltak skal styrkast.*

Gjennomføre 'Beiteprosjektet' i Møre og Romsdal. Styrke kompetansen om beitebruk og utvikle lokale samarbeidsløysingar. 50 % av kommunane skal ha utarbeidd beitebruksplan innan 2021	Bondelaget * (m partnarar) Kommunane*
Investeringsstøtte til driftsbygninga må innrettast slik at også mindre prosjekt kan realiserast. Legge vekt på beitebruk og spesielt beiting i utmark i driftsopplegget. Sette inn tiltak som reduserer tap av sau på beite:	Fylkesmannen * Innovasjon Norge Nærings Fylkesmannen
<ul style="list-style-type: none"> • Effektiv kvotejakt (gaupe) og lisensfelling (jerv) når det er gjort vedtak om felling. Opplæring av jegerar • Vurdere tidlegsanking når skadefelling ikkje lykkast • Kartlegging av ledige beite. Flytting av sau til tryggare område • Auka bruk av vaktarhund i område med store tap • Ekstraordinært tilsyn ved hjelp av kadaversøkande hund 	
Forsking for å løyse alveldproblemene og utfordringane med flåttboren sjukdom.	Norsk * NIBIO
Forsking for å utvikle sensor-teknologi som kan redusere skader/tap forårsaka av sjukdom eller rovdyr på beite.	Norsk*

Storfeproduksjonane: *Betre utnytting av potensialet for kjøttproduksjon på storfe, og minimum halde på fylket sin del av samla volum for landet.*

Investeringssirkemidlane må ta omsyn til både små og større bruk	Fylkesmannen * Innovasjon Norge *
--	--------------------------------------

Ivareta geografisk fordeling av mjølkeproduksjonen	Fylkesmannen * Innovasjon Norge *
Legge til rette for beiting når det skal byggast nytt. Beitebasert driftsopplegg bør generelt vere eit prioriteringskriterium.	Fylkesmannen * Innovasjon Norge * Norsk Landbruksrådgjeving

Sauenhald : *På sikt auke produksjonen, både i absolutt volum og som andel av norsk produksjon.*

Sjå tiltaka under Beiting – alle er relevante for sauehald	
Produksjonen må følgje marknadsmulighetene	Nortura Produsentane

Svinekjøtproduksjon: *Halde oppe fylket sin andel av samla volum av svinekjøttproduksjon for landet, purketalet skal vere i samsvar med etterspørseren etter smågris.*

Kontroll med sjukdomssmitte – spesielt viktig på grunn av purkeringen	Fylkesmannen Mattilsynet *
Sikre stabil produksjon – følgje marknaden	Nortura Produsentane

Geitehald: *Oppretthalde volumet vi har i dag, tilpassa marknadsmoglegheitene. Produksjonen av geitemjølk er svært viktig for meierianlegget i Ørsta.*

Oppretthalde den høge kvaliteten på mjølka	
Auke omsetjinga av kjekjøtt i samarbeid med slakteri	
Halde fram med å utvikle den gode helsestatusen på geit	

Eggproduksjon : *Produksjonen skal følgje etterspørseren*

Utnytte marknadsmoglegheitene – m.a. etterspørsel etter egg frå frittgåande høner	Fylkesmannen * Innovasjon Norge *
Mobile slakteri kan bli aktuelt – bruke høne til mat (avhengig av prisutvikling)	

Pelsdyrhald : *Produksjonen skal følgje etterspørseren.*

Etablerte aktørar skal ha moglekeit til å fornye seg, og følgje med utviklinga i næringa.	Fylkesmannen * Innovasjon Norge *
---	--------------------------------------

Kornproduksjon : *Oppretthalde og styrke produsentmiljøa. Auke produksjonen der marknaden gir rom. Kornarealet skal ikkje kome under nivået i 2016. Lokal produksjon er viktig for drifta ved Røv Mølle (Surnadal) og Møre og Romsdal kornsilo (Vestnes)*

--	--

God rådgjeving til kornprodusentane, følgje opp produsentmiljøa	NLR * Fylkesmannen
---	-----------------------

Poteter og grønsaker, frukt og bær Oppretthalde og styrke produsentmiljøa. Auke produksjonen der marknaden gir rom.	
Legge til rette for nye produsentar i tilknyting til etablerte produksjonsmiljø. Kompetansetiltak, sjå mellom anna tema Mentorordning	Produsentmiljøa NLR
Investeringsstøtte til bygninger, kjøleanlegg mv som er nødvendig for produsentane.	Fylkesmannen * Innovasjon Norge *
Bærproduksjon i tunnel er eksempel på at det går an å 'strekke sesongen'. FoU for å finne fram til nye metodar og plantesortar	Norsk Landbruksrådgjeving* FoU-institusjonar

Økologisk produksjon: skal følgje opp nasjonale målsetjingar. Norsk landbruksrådgiving (NLR) og NORSØK skal tilby målretta rådgjeving til økoprodusentane.	
Informasjon om vilkåra for å legge om til økologisk produksjon. Legge til rette for nyetableringar innanfor produksjonar der marknaden gir rom	Oikos* Fylkesmannen NLR
NLR og Norsøk skal tilby rådgjeving og andre kompetansetiltak til økoprodusentane.	NLR * Tine NORSØK
Samrådingsgruppe for økoproduksjon møtes minst ein gong kvart år for å planlegge nettverkstiltak, opplæring og andre relevante tilbod til økogruppa	Fylkesmannen* NLR NORSØK Oikos
NORSØK si rolle som nasjonal og sentral FoU aktør og kompetanseorganisasjon skal sikrast og styrkast.	Organisasjonane i landbruket

Avverking skogbruk : Total avverking skal opp frå ca. 325 000 m ³ til 400.000 m ³ i 2021. I 2021 skal det avverkast 30 000m ³ furu, 350 000 m ³ gran og 20 000m ³ lauvtre (medrekna biovarme). Mykje av volumet står i bratt og ulendt terren, og uttak med taubane er sårbart for skifte i tilskotstregimet	
Stimulere til utvikling av nye skånsame driftsmetodar i bratt terrem.	Fylkesmannen * Skognæringa
Legge til rette for eit økonomisk berekraftig skogbruk i taubaneterren og i område med andre terrengmessige utfordringar	Fylkesmannen * Kommunane Skognæringa
Stimulere til samarbeid på tvers av eigedomsgrensene der dette er ein faktor som avgrensar langsiktig berekraftig forvaltning av skogressursane	Kommunane* Allskog Fylkesmannen
Planlegge handtering av ei avverking på 400.000 m ³ i 2021	Fylkesmannen Kommunane Skognæringa *
Utarbeide digitale skogbruksplanar i alle skogkommunar innan 2021	Kommunane* Fylkesmannen
Kommunal forvaltning har ei nøkkelrolle på fleire av tiltaka. Kommunane må halde oppe landbruksforvaltninga – både kvalitet og kapasitet – for å fylle rolla.	Kommunane*

Nyplanting/ forynging etter hogst og stell av ung skog: Sikre at det blir planta på nytt innan 3(4) år etter hogst. Gjennomføre ungskogpleie på 8.000 dekar kvart år med sikte på stadstilpassa bestandsutforming og produksjon av kvalitetsvirke

Gjennomføre tiltak for å auke nyplantinga i takt med auka avverking. Sikre at det er samanheng mellom hogstform og foryngingsmetode. Sikre at fornying opprettheld produksjonspotensialet.	Fylkesmannen, Kommunane Skognæringa
Meir og betre informasjon om tilskotsordningane (tettare planting, supplerings-planting mm)	Fylkesmannen
Legge ut prøveflater i ulike deler av fylket for å følge opp problema rundt gran-snutebille. Markberedning for å hindre skade av snutebille.	Fylkesmannen Allskog
Auke kontroll med at kravet om planting etter hogst blir følgt opp.	Kommunane *
Auke kompetansen om naturleg forynging og markberedning blant skogeigarar, entreprenørar og fagansvarlege i kommunane	Fylkesmannen*
Stimulere til sein avstandsregulering der førstegangstynning ikkje er føremålstenleg, og der tiltaket vil ha positiv effekt både økonomisk og biologisk	Fylkesmannen, Kommunane Skognæringa
Rekruttere tilstrekkeleg kvalifisert arbeidskraft til planting og ungskogpleie	Fylkesmannen Skognæringa
Etablere stormsterke bestand på vindutsette stadar: Skjøtsel og planterval	Skognæringa
Auke skogkulturaktiviteten ved bruk av eigne pådrivarar	Fylkesmannen, Kommunane Skognæringa

Meir av tømmeret skal forelast lokalt

Vidareføre 3-årig prosjekt som arbeider for auka bruk av tre som bygningsmateriell og auka innovasjon blant trebaserte verksemder i Møre og Romsdal	Tredrivarprosjektet
Arbeide for industrietablering kring foredling av granvirke i Møre og Romsdal, samt halde lokale sagbruk med furu.	Tredrivarprosjektet Skognæringa
Vidareutvikle nettverk i verdikjeda og samstundes bidra til å utvikle næringa gjennom innovasjon og nyskaping	Tredrivar og Skognæringsforum

Effektiv tømmertransport på offentleg veg – fjerne flaskehalsar.

Gjennom midlar til kystsogbruket skal det arbeidast med kommunevise hovudplanar for skogsbilvegar i alle viktige skogkommunar.	Fylkesmannen* Kommunane
Etablere teneste for vegplanlegging i samarbeid med næringa	Fylkesmannen* Skognæringa
Kartlegge flaskehalsar på kommunalt og fylkeskommunalt vegnett, legge vekt på å få samanhengande strekningar frå skog til leveransepunkt. Grunnlag for å prioritere vegstrekningane for finansiering	Fylkesmannen, Vegvesenet, Skognæringsforum, kommunane
Kartlegge flaskehalsar på kommunale vinar for Møre og Romsdal som krev utbetring som grunnlag for vurdering i samband med Nasjonal transportplan	Fylkesmannen og kommunane

Lokal mat : Auke tilbodet og mangfaldet av lokal mat frå Møre og Romsdal til forbrukarar og reiselivet. Tettare kopling mellom reiselivet og lokalmatprodusentane. Målet er 200 produsentar innan 2012

Tilby tilpassa kompetansetilbod med høg matfagleg kvalitet til produsentar av lokal mat	Fylkesmannen Matnavet
Auka og brei satsing på mobilisering av produsentar av lokal mat	Fylkesmannen Hoppid
Bygge sterkare nettverk mellom lokalmatnæringa og reiselivet	Fylkesmannen
Gjennomføre prosjektet Mat og reiseliv i Møre og Romsdal slik at det bidreg til auka verdiskaping og betre samhandling mellom grøn og blå sektor	Fylkeskommunen

Inn på tunet : Fleire langsiktige og kvalitetssikra avtalar mellom seljar og kjøparar av IPT

Synleggjere Inn på tunet for aktuelle kjøparar av tenester	Inn på tunet M&R * Fylkesmannen
Legge til rette for at Inn på tunet kursa blir eit tilbod til komande bønder i næringa. Nokre av desse kan og høve for aktivitets- og besøksgardar.	Inn på tunet M&R * Faglaga Fylkesmannen

3.2 Landbruket skal ta miljø- og klimaansvar

Redusere utsleppet av klimagassar og tapet av næringsstoff: Møre og Romsdal skal oppfylle nasjonale mål om reduksjon i utslepp av klimagassar og tap av næringsstoff frå landbruket. Lystgassutsleppa og bruken av fossilt brensel i landbruket skal reduserast med 10 prosent innan 2020, samanlikna med 2009

Gjennomføre prosjekt «Auka bruk av gardsvarme». Mål om minimum 10 nye gardsvarmeanlegg	Bondelaget * m. fleire
Stimulere til tidleg spreiling av husdyrgjødsel i vekstsesongen	Fylkesmannen*
Bidra til auka bruk av tilførselsslangar i staden for tankvogn for spreiling av husdyrgjødsel	Fylkesmannen*
Auke CO ₂ -binding i skog - meir bruk av støtteordninga til tett planting og gjødsling	Fylkesmannen*
Møre og Romsdal skal arbeide for å bli føregangs fylke på bruk av næringsstoffsrekneskap	Bondelaget / NLR
Bruke tilskot for å auke bruk av tre i driftsbygningar	Fylkesmannen* Innovasjon Norge
Auke bruk av tre i industri og byggebransje	Tredrivaren *
Stimulere til meir grøfting - marknadsføre tilskotsmidlane	Fylkesmannen* Kommunane
Støtte forsking på omgraving av dyrka myrjord, dvs. legge mineraljord på toppen av myrjord for å redusere utslepp av klimagassar.	NIBIO Fylkesmannen
Legge til rette for etablering av biogassanlegg	
Restaurere tidlegare dyrka / grøfta myr som ikkje lenger er i produksjon.	Fylkesmannen*
Arbeide for betre logistikklosningar for transport av gjødsel og fôr	NLR NIBIO / NORSØK
Ta i bruk teknologi som gjer landbruket «miljørett» - t.d. presisjonsfordeling av plantevernmiddel og gjødsel, gps teknologi, og elektrifisering av landbruksmaskiner	
Landbruksplast skal samlast inn og forvaltast på «rett» måte – faglaga følgjer opp.	Bondelaget

3.3 Landbruket skal ha ein viktig plass i den nye grøne økonomien

Det grøne skiftet : <i>Landbruket i Møre og Romsdal skal vere blant dei fremste fylka i utvikling av ein ressurseffektiv, kretsløpsbasert bioøkonomi</i>	
Auka satsing på biogassproduksjon av husdyrgjødsel saman med substrat frå fiskeri- og avfallsnæringa.	Fylkeskommunen * Fylkesmannen Norsøk NIBIO
Arbeide for at avfallsprodukt frå landbruket kan nyttast betre i næringskjeda regionalt. Utvikle modellar for effektivt samspeil mellom ulike produsentar/ produksjonsmiljø som kan føre til betre utnytting av ressursar og mindre svinn. Døme: Utnytting av potetavfall til bruk som fôr.	Fylkeskommunen * Fylkesmannen Norsøk NIBIO
Forsking og utvikling av næringsprodukt/ proteinfôr frå kultivert tang og tare, og frå trefiberindustri, til erstatning for importerte fôrværer.	Fylkeskommunen FoU miljøa i fylket i samarbeid med næringa
Utvikle effektiv logistikk og lønsame verdikjeder knytt til uttak av råstoff til biobrensel frå skog, kulturlandskap og vegkant	Fylkesmannen, Norsøk Skognæringa
Vurdere bruk av biobrensel i offentlege bygg og transportmidlar.	Fylkeskommunen
Auke fokuset på skogen si rolle som klimaregulator	Fylkesmannen, Fylkeskommunen

3.4 Landbruket skal halde ved like og utvikle godt omdømme.

Landbruket er ei politisk næring, og er avhengig av å behalde gode relasjonar til media, politikk, forvaltning, anna næringsliv og innbyggjarane. Aktørane i landbruket må ta ansvar for å formidle påliteleg og relevant informasjon om landbruksnæringa.

«Alle» skal ha god kunnskap om landbruket, og relasjonane mellom landbruksnæring og samfunn rundt skal bli endå betre	
Landbrukspolitisk konferanse: Årleg, vanlegvis i mars. Målgruppa er i prinsippet alle som vil bli oppdatert om landbruk og landbrukspolitikk.	Bondelaget * Småbrukarlaget Fylkesmannen
Fakta om landbruket - oppdatert og lett tilgjengeleg informasjon på nett om landbruket. Gjennom dette synleggjere landbruket sitt bidrag til verdiskaping, folkehelse, reiseliv og trivsel i lokalsamfunna. Synleggjere skogen i klimadebatten, spesielt eigenskapane som CO2 bindar	Bondelaget * Fylkesmannen Fylkeskommunen Landbruks organisasjonane Tingvoll økopark
Samfunnkontakt og alliansebygging – halde ved like gode relasjonar til media og politiske miljø	Faglaga *
Skape og delta på felles møteplassar for landbruk og bygdenæringer, som Matfestivalen og Dyregoddagane.	Fylkeskommunen Fylkesmannen Landbruks organisasjonane

Gjennomføre årlege skuleskogdagar for å synne fram næringa og lære barn og unge om skog og skogbruk.	Skogselskapet, Fylkesmannen, kommunane og næringa
Landbruket skal delta aktivt i næringsforum /næringslag	Faglaga*

3.5 Rekruttering, utdanning og kompetanse

Eigarskifte og rekruttering er mellom dei største spørsmåla næringa står framfor. Mange bønder nærmar seg slutten av yrkeslivet, og det er på ingen måte sikkert at mange unge i nær slekt står klar til å gå inn i drifta. Trend 2016 viser at 35 prosent av bøndene har passert 60 år, og framtida på mange av desse brukar er usikker. Landbruksnæringa må tenkjer generasjonsskifte som andre næringar, med mindre vekt på tradisjonar og nær familien. Alternativet er at mange gode landbruksbedrifter går ut av produksjon. Fokuset på landbruk som næring har variert over tid, og trendane er i stor grad styrande for etterspørrselen etter gardsbruk. Det er også viktig å peike på at for den som går ut av næringa, er det ofte mest lønsamt å avvikle og selje garden til andre formål enn landbruk.

Temaet rekruttering grip inn i fleire andre tiltaksområde, m.a. opplæring, finansiering, rådgjeving og omdømmebygging. Meldinga legg vekt på å løfte tiltak med stort lokalt handlingsrom.

Auke rekrutteringa til landbruket, og legge til rette for at nye bønder og skogeigarar blir tatt mot på ein god måte.	
Strategisk bruk av investeringsvirkemidlane : -Vidareføre ordninga med etablerartilskot ved eigarskifte. -Legge til rette for ungdom som vil satse på landbruk -Legge til rette for kvinner som vil satse på landbruk	Fylkesmannen * / Regionalt partnarskap
Ungdom skal vurdere bondeyrket : Lag brosjyremateriell retta mot ungdom (ref. Trøndelag) Delta på utdanningsmesser, andre relevante arenaer med informasjon om landbruk og landbruksutdanning. Sjå også «Omdøme» Informasjonsfilm om lokalt landbruk, til visning t.d. på ferjene eller gjennom sosiale media.	Fylkeskommunen * Gjermundnes VGS Faglaga
Ny bonde / skogeigar – velkomstpakke Velkomst for den som kjem inn i næringa, men også eit godt høve for organisasjonane til å fortelje om sitt fagområde og sitt tilbod. Tilboden skal gå til alle nye bønder, uavhengig av produksjon, geografi og organisatorisk tilknyting.	Bondelaget
Mentorordning (Blir omtala under «Rådgjeving») Gjere landbruksutdanninga kjend: Marknadsføre landbruksutdanninga gjennom skulebesøk og tydeleg informasjon til rådgjevarar i ungdomsskulane. Årleg rådgivarkonferanse og produksjon av skriftleg materiale. Nyte naturlege arenaer for marknadsføring, t.d. Dyregoddagane i Gjemnes. Tilby hospitering for elevar i ungdomsskulen ved Gjermundnes VGS.	Landbruk Nordvest * Gjermundnes VGS * (Alle)
Rådgjeving eigarskifte: Generasjonsskiftet er utfordrande både strategisk, økonomisk og juridisk. Bonden må ha ein kompetent samtalepartner for å løyse desse spørsmåla på «rett» måte. Kurspakkar med informasjon om juridiske og økonomiske tema knytt til eigarskifte	Tine NLR Bondelaget

Landbruket er ei kompetanse- og kapitalintensiv næring, med stort behov for kompetanse på fag som agronomi, økonomi, husdyrernæring, skogbruk og bedriftsleiring. I tillegg til grunnutdanning for ungdomar trengst det tiltak mot arbeidssøkjarar som vil inn i landbruket, og for folk som vil ta over gardsbruk i vaksen alder. Desse gruppene har ulike behov og ulike føresetnadar, men alle må møtast av eit tilrettelagt tilbod. Gjermundnes VGS er den viktigaste aktøren for utdanning i landbruket.

Gjermundnes VGS tilbyr nettbasert agronomutdanning frå og med 2017. Tiltaket er finansiert frå Møre og Romsdal fylkeskommune, og er ei viktig utviding av tilboden.

Landbruksnæringa skal ha eit kvalitativt godt utdanningstilbod, både for ungdom i skulen og som etterutdanning for aktive bønder og skogeigarar.

Vaksenagronom - nettbasert agronomutdanning Ambisjonsnivå : Minimum 15 aktive studentar til ein kvar tid. Tiltaket blir finansiert av MRFK (etablering), elevbetaling, ordning med vaksenrett og eigeninnsats.	Gjermundnes VGS *
Valfag landbruk i ungdomsskulen: Legge til rette for at valfag landbruk skal bli eit vanleg tilbod i ungdomsskulen. Dette er å sjå både som kompetansetiltak, omdømmetiltak og som rekruttering til VGS Målsetjing: Meir enn 10 ungdomsskular skal tilby Landbruk valfag	Gjermundnes VGS * Faglaga
Fagsenter Landbruk på Gjermundnes – planlagt, men ikkje finansiert. Skal følgjast opp.	Fylkeskommunen
Kursserien Aktivt skogbruk er eit viktig praktisk retta opplegg for skogeigarar.	Kommunane Skogkurs

3.6 Rådgjeving

Tiltakslista er ikkje uttømmande. Kvar av organisasjonane har etablerte tilbod, og innhaldet vil forandre seg over tid – uavhengig av landbruksmeldinga. For å møte utfordringa bør samarbeid og det totale innhaldet drøftast årleg. «Landbruksmøtet» er den naturlege arenaen for dette, og faglaga tar ansvar for å førebu temaet – i samarbeid med organisasjonane som tilbyr rådgjeving.

Rådgjeving: Alle bønder og skogeigarar skal ha tilbod om kvalitativt god rådgjeving, både i spiss og breidde. Alle viktige produksjonar skal dekkjast.

Organisering og innhald i rådgjevingstenesta skal opp som drøftingstema på Landbruksmøtet (fast post). I dette ligg vurderingar av fagleg behov, modellar for organisering og samarbeid, og behovet for spesielle prosjektretta satsingar innanfor rådgjeving.	Faglaga*
Mentorordning - rådgjeving basert på bonde til bonde- relasjon. Tema som mjølkerobot, bonde i investeringsfase, og lokal foredling er døme på aktuelle emne.	NLR * Fylkesmannen Fylkeskommunen
Etablerarstøtte , bedriftsrådgjeving :Hoppid arrangerer kurs og gir individuell rådgjeving til bedriftsetableringar og til å utvikle forretningsidear.	Hoppid* Fylkesmannen Matnavet

3.7 Forsking og utvikling

Landbruket er kapital- og kompetanseintensivt, med stort behov for å flytte kunnskapsfronten på fleire område. Den generelle innsatsen på landbruksrelatert FoU er viktig, men lokalt skal vi ha særleg fokus på tiltak som er spesielt viktige for verdiskapinga i Møre og Romsdal. For å nå gjennom må landbruksnæringa stå samla om prioriteringane, og løfte det som har særleg relevans her i fylket.

Forsking og utvikling FoU-ressursane skal brukast for å løyse viktige utfordringar for landbruket i Møre og Romsdal	
Identifikasjon og prioritering av FoU tiltak : Ressursar til FoU skal målrettast for å løyse «dei rette» problemstillingane. «Landbruksmøtet» skal fylle rolla som fylkesvis RFoU seminar, der behov / idear blir presentert, og gi grunnlag for prioritering og gjennomføring (sjå GFMN)	Fylkesmannen * Alle
Grøn forsking Midt-Norge: Møre og Romsdal skal delta aktivt i samarbeidet	Faglaga Fylkeskommunen Fylkesmannen
Landbruket skal søkje samarbeid med andre sektorar for å løfte relevante FoU behov - mellom anna i grenseflata mellom grøn og blå sektor. Utvikle synergi mellom næring, forvaltning og lokale FoU aktørar – for å få løyst lokale behov, og for å utvikle kompetanse og slagkraft i FoU miljøet	FoU aktørane NLR Faglaga Fylkesmannen Fylkeskommunen

3.8 Møteplassar og roller

Landbruksnæringa har behov for gode møteplassar på tvers av organisasjonane. Meldinga identifiserer dei faste punkta vi har i dag, og møteplassar vi skal rigge for den komande fireårs-perioden. Møteplassane er grunnlaget for samarbeid på tvers av sektorar, og for at landbruksnæringa kan samlast om mål og metode. Tiltakslista identifiserer møter som har relevans for heile landbruksnæringa. I tillegg til desse kjem mange tiltak og arrangement i regi av kvar aktør (produsentlag, Sau og geit, fagmøte gjennom NLR og så vidare). Nytt element er «Landbruksmøtet» som skal vere fast arena for å løfte strategisk samarbeid på tvers av heile næringa.

Møteplassar: Organisasjonane som arbeider opp mot landbruket skal ha få, men nyttige og tydelege felles møteplassar	
Landbrukspolitisk konferanse : <i>Konferansen er årleg, vanlegvis i mars. Målgruppa er i prinsippet alle som vil bli oppdatert om landbruk og landbrukspolitikk. (dette tiltaket er også oppført under Samfunn og omdømme)</i>	Bondelaget * Småbrukarlaget Fylkesmannen
«Landbruksmøte»: Eitt fast årleg møte for organisasjonane som arbeider opp mot landbruket. <i>Tema som naturleg høyrer heime her er utsjekking av landbruksmeldinga – kva er gjort</i> <i>Identifisere - og løfte - dei viktigaste FoU behova</i> <i>Identifisere – og løfte – dei beste prosjektforsлага</i> <i>Rådgjeving - evaluering, planlegging, tiltak, nettverksbygging</i>	Fylkesmannen * Faglaga, Allskog, Tine, Nortura, MRSG, Felleskjøpet, NLR
Regionalt partnerskap <i>Det regionale partnarskapet er den lokale arenaen for organisasjonane som deltek / har oppdrag frå jordbruksforhandlingane. To faste møter kvart år, fleire etter behov.</i>	Fylkesmannen *
Næringsutvikling / Hoppid samling på våren kvart år	Fylkesmannen Hoppid
Landbrukslunsj <i>Uformelt møte med lunsj, arrangert 2 gongar kvart år. Open invitasjon til alle organisasjonane som arbeider opp mot landbruket. Tidsramme blir om lag 2 timer, med innlegg om dagsaktuelt fagleg eller politisk tema. (prøveordning)</i>	Fylkesmannen*
Fokus på sosiale sider ved det å vere bonde Fortlopende vurdere behovet for tiltak / arrangement for å fokusere på dei sosiologiske sidene ved bondeyrket (einsemd, behov for kollegialt fellesskap, HMS..	Faglaga NLR Fylkesmannen

4 Status og utviklingstrekk

4.1 Generelt

Landbruket har gjennomgått ei omfattande strukturrasjonalisering etter siste verdskrig, og utviklinga har stort sett akselerert. Etter årtusenskiftet har 45% av gardsbruken gått ut som sjølvstendig eining, og talet på mjølkeprodusentar har blitt meir enn halvert. Dei brukna som er att produserer mykje meir enn før, og produksjonsvolumet er stort sett uendra.

650 000 dekar, eller 4,5 % av totalarealet er jordbruksareal. 80% av jordbruksarealet blir brukt til grovfôrproduksjon og 16% til beite. Gjennomsnittleg bruksstørrelse er på 194 dekar, mot 230 dekar for heile landet (2014).

Sjølv om den beste dyrkajorda på dei nedlagde gardsbrukena er tatt i bruk som leigejord av dei brukna som er att i næringa, har meir enn 12 prosent av jordbruksarealet i fylket har gått ut av drift sidan årtusenskiftet. Som konsekvens av dette har andelen leigejord gått opp og opp. Bøndene i Møre og Romsdal leiger omtrent halvparten av jorda dei driv. Bruka som har størst produksjonsvolum leiger i gjennomsnitt meir enn dette.

Dei grovforbaserte produksjonane er dominante, med mjølkeproduksjon på ku som den klart viktigaste. Grovfôrbaserte husdyrproduksjonar står for 91 prosent av omsetninga, 92 prosent av verdiskapinga og 93 prosent av sysselsetjinga i jordbruket i Møre og Romsdal. I tillegg til dei store grovforbaserte produksjonane, har fylket fleire sterke fagmiljø og spesialproduksjonar.

Stranda er den største geitekommunen i Sør-Noreg, og er også stor på foredling av råvarer, med t.d. både slakteri, kjøtforedling og pizzaproduksjon. **Norddal** kommune produserer 50 prosent av industrijordbæra i landet. **Fræna** er den største landbrukskommunen mellom Stavanger og Trondheim, og er mellom dei ti største mjølkekommunane i landet. På **Smøla** finn vi spesialproduksjon på gulrot og kålrot, og i **Sunndal** er spesialitetene dyrking og pakking av varemerket Sunndalspotet

Møre og Romsdal fylke dekkjer eit totalareal på 14,6 millionar dekar. Av dette er ca. 2,84 millionar dekar definert som produktiv skogsmark. I underkant av 70 prosent av den produktive skogen i fylket er økonomisk drivbar med dagens rammevilkår.

Bygdenæringer som til dømes matforedling og inn på tunet-tenester er i framgang og det blir jobba aktivt med rekruttering og nettverksbygging innanfor desse områda. Det blir gjort mykje for å få ein tettare integrasjon mellom lokal mat og reiseliv. Kornproduksjonen i fylket er i hovudsak konsentrert om kommunane Surnadal, Sunndal, Rauma, Fræna og Rauma.

4.2 Internasjonale avtaler med konsekvensar for lokalt landbruk

Norsk landbruk er svært avhengig av eit sterkt importvern. På grunn av klima, topografi og generelt høgt kostnadsnivå vil Norge ikkje kunne konkurrere direkte på pris. På verdsbasis blir om lag 90 % av

all matproduksjon omsett i det landet maten blir produsert. Like fullt er det ein del land som produserer meir enn eige behov og som dermed har ein viss eksport av jordbruksvarer.

Internasjonale handelsavtalar regulerer handelen mellom land. For Norge sin del er det særleg WTO-avtalen og EØS-avtalen som har betydning. Desse avtalane regulerer både kva type verkemiddel Norge kan ta i bruk samtidig nivået. Dette omfattar m.a. bruk av toll og bruk av støtteordningar. Nokre støtteordningar bidreg til å oppretthalde eller auke produksjon medan andre er retta meir mot miljø eller sosiale forhold. Norge sitt handlingsrom for bruken av dei respektive verkemidla kjem noko an på kva dei er kategorisert som. Bruk av toll som verkemiddel er strengt detaljregulert og for nokre få år sidan gjekk Norge over frå kronetoll til prosenttoll.

Bruk av toll som importvern må sjåast i nær samanheng med marknadsregulering. Når marknadsregulator ser at det går mot underdekning av eit produkt blir tollsatsen redusert for å dekke underskotet med å auke importen. I sum har dette ført til relativt stabile marknads- og prisforhold for det norske landbruket. I EU ser ein at prisane på landbruksvarer svingar til dels mykje over tid.

I EU vart mjølkekvetene fjerna frå april 2015. Dette har medført at dei fleste medlemslanda, og særleg dei i nord og vest, har auka sin mjølkeproduksjon. For oss betyr dette eit sterkt press på importvernet. Over tid ser vi tydeleg at Norge sin import av landbruksvarer har auka, særleg frå EU. For ein del land, såkalla MUL-land (dei fattigaste landa i Afrika) har vi ikkje tollbarrierar.

Norge har også hatt litt eksport av landbruksvarer. Her i fylket kjenner vi godt til Jarlsberg-osten som blir produsert på TINE sitt anlegg i Elnesvågen og som går til eksport. Eksportstøtta fall vekk som følgje av siste WTO-avtalen, og produksjonen av Jarlsberg-ost for eksport blir derfor fasa ut.

4.3 Landbruket gir stabil forsyning og tydelege ringverknader

Jordbruksavtalen er ein samfunnskontrakt mellom næring og stat, og skal bidra til ei levedyktig næring og sikker forsyning av norske matvarer til stabile priser. Avtalen omfattar også distriktsverkemiddel, sosiale ordningar og investeringskapital.

Næringa står for meir enn ein tidel av sysselsettinga i 7 av 36 kommunar i Møre og Romsdal. I 20 av kommunane våre utgjer bøndene samla sett ei stor bedrift på mellom 100 og 350 arbeidsplassar (2007-tal). Det er vanleg å rekne at eitt årsverk i landbruket sysselset ein til to personar i andre næringar som transport, foredling, industri, bygg, verkstad, rettleiing og handel.

4.4 Foredling av landbruksprodukt

Landbruket er ei av dei få næringane i landet som har ei komplett næringskjede frå primærleddet og fram til forbrukar. Sentraliseringa av makta i daglegvarehandelen i 3 store kjeder og internasjonal konkurranse har medført tilsvarande samling av landbruket sin foredlingsindustri i større einingar. Strukturendringane har ført til at Møre og Romsdal er svekka når det gjeld foredlingsanlegg .

Samvirkeorganisasjonen Nortura har ikkje anlegg igjen i Møre og Romsdal, og i dag blir storparten av slaktedyra sende ut av fylket for slakting, foredling og omsetjing ved Nortura sine anlegg i Sogn og Fjordane og Trøndelag. I Møre og Romsdal blir det i dag drive slakteri av private aktørar som Ringdal AS på Hellesylt, Øre Vilt i Gjemnes, Ytre Nordmøre Slakteri AS i Kristiansund og Sylte gardsslakteri.

Av større kjøtforedlingsverksemder kan nemnast Kløverkjøtt AS i Vestnes, Stranda spekemat og Tind Spekevarer AS. Stabburet sin fabrikk på Stranda nyttar også store mengder kjøt og ost i pizza-produksjonen sin.

Samvirkeorganisasjonen Tine har i dag fire meierianlegg i drift i Møre og Romsdal, der meieriet i Elnesvågen er det største anlegget. Dette anlegget tek mot 72 mill. liter mjølk i året, meieriet i Ørsta tek i mot knapt 26 mill. liter kumjølk, og i tillegg 2,7 mill. liter geitmjølk. I Ålesund tek meieriet i mot 18,6 mill. liter mjølk i året og Tine Meieriet Tresfjord tek mot 6 mill. liter i året. Dei siste åra er det etablert fleire mindre private gardsmeieri med produksjon av eigne ostar.

Kornmottak og kraftfôrfabrikkar på Vestnes og i Surnadal er viktige for alle som dyrkar korn til modning og alle som nyttar kraftfôr i fylket. Årsforbruket (2015) av kraftfôr i fylket er 105 500 tonn.

Felleskjøpa sin Kornsilo og kraftfôrfabrikk på Vestnes har djupvasskai og lagerkapasitet til i alt 39 500 tonn korn. Anlegget tek årleg imot rundt 1000 tonn lokalprodusert korn. Produksjonen av kraftfôr var i 2016 om lag 80 000 tonn.


Røv Mølle AS i Surnadal tek mot mellom 2500 og 3 000 tonn korn frå Nordmøre. Mølla har kraftfôrfabrikk med produksjon på 21 000 tonn, det aller meste drøvtyggafôr.

4.5 Trendar i landbruket i Møre og Romsdal – større utfordringar enn i mange fylke

«Trender i norsk landbruk» er ei større postal undersøking med føremål å kartlegge situasjonen i det norske landbruket og hos landbruksbefolkninga. Undersøkinga er blitt gjennomført annakvart år sidan 2002 av Norsk senter for bygdeforskning i Trondheim. For Møre og Romsdal er det gjennomført undersøkingar i 2008, 2012 og 2016.

Undersøkinga har tre perspektiv :

- Sosiokulturelle sider ved landbruket, blant anna venne- og nabokontakt, yrkesidentitet og kor tilfreds ein er med arbeidsmiljøet
- Notid og framtid – kva tenkjer bøndene om framtida?
- Subjektiv innfallsvinkel – det er bøndene sine eigne meningar og erfaringar som er det sentrale



I Trendundersøkinga for 2016 for Møre og Romsdal kjem det fram mange resultat om dagens bønder i fylket: Kva er status i dag? Korleis vurderer bønder sin eigen situasjon i samfunnet? Korleis ser bøndene på framtida for gardsbruket sitt? Undersøkinga består av seks hovudtema:

- Demografi
- Gardsbruket og gardsdrifta
- Landbrukspolitiske synspunkt og standpunkt
- Konkrete planar og tankar om framtidia
- Bonden sin kvardag
- Anna næringsaktivitet og tenesteyting

4.5.1 Sterk tilknyting til landbruket

Trendundersøkinga 2016 viser, på same måte som undersøkinga i 2012, ei sterk tilknyting til garden og bygda. 75 prosent av dei spurde er vakse opp på gardsbruket dei bur på. Når det gjeld interesse for eit liv på bygda, seier 90 prosent at dette har stor eller noko betydning for dei. Dersom dei spurde kunne ha valt fritt utan å ta økonomiske omsyn, svarar 61 prosent at dei hadde valt gardsdrift på heiltid. Ca. ein femdel – 22 prosent – trur at økonomien på gardsbruket vil endre seg i positiv retning dei neste fem åra – 37 prosent i negativ retning.

I Trendundersøkinga er dei spurde bedne om å tenkje på kva utviklingstrekk dei ser for seg som sannsynlege dei neste fem åra. 40 prosent meiner at produksjonen vil auke, medan 28 prosent ser for seg ein produksjonsnedgang. Om lag halvparten – 49 prosent – av brukarane i Møre og Romsdal vil rå borna til å ta over bruket. Dette er ein liten oppgang sidan undersøkinga i 2012. 18 prosent vil rå borna til ikkje å ta over bruket, 32 prosent svarer veit ikkje. På spørsmål om nokon i familien kjem til å ta over garden, svarar 50 prosent at dei trur at nokon av borna vil ta over, 32 prosent svarar at dei ikkje veit det og 14 prosent at dei ikkje trur at det er nokon i slekta som vil overta. Dei som svarte har mindre tru på at jentene vil ta over enn gutane.


Omtrent halvparten av bøndene seier at dei er einsame. Undersøkinga viser elles at om lag halvparten av bøndene ønskjer seg meir ferie og fri og vel ein tredel har problem med å skaffe seg avløysar når dei skal ha fri. Heile 79 prosent kjenner seg lite verdsett av rikspolitikarane. Ein stor andel kjenner seg lite verdsett av media og storsamfunnet. 70 prosent er heilt eller delvis einig i at odelslova bør oppretthaldast, medan 76 prosent vil behalde driveplikta.

4.5.2 Aldersfordeling

Gjennomsnittsalderen for brukarane i Møre og Romsdal er 53,7 år (Trend 2016). Om lag 20 prosent av brukarane er over 62 år, og knapt 8 % har passert 70. Andelen brukarar over 60 år har auka dei siste 10 åra, medan andelen i aldersgruppa 30-39 år har minka.

Dette illustrerer ei av dei største utfordringane – gruppa 60 pluss er svært stor, og mange bruk står overfor eit generasjonsskifte. Det er grunn til å anta at utbyggingsbruka frå rundt 1980 finnes i denne gruppa, og at utfallet av generasjonsskiftet vil bety svært mykje for næringa.

4.5.3 Likestilling



Tal kvinnelege brukarar i fylket har gått opp frå 8,6 prosent i 1989 til 15,3 prosent i 2011 og til 16,8 prosent i 2016 (Trend). Alder og kjønn på dei som kjem inn i næringa endrar seg lite frå år til år. Tal frå 2015 (SSB) viser at av nye eigagarar var 37 % kvinner.

Ei granskning som Bioforsk gjorde i 2012 på oppdrag av Møre og Romsdal bondelag, viser fleire av faktorane som gjer at kvinner vel å bli bonde eller vel eit anna yrke. Dei spurde meiner at den største utfordringa for norsk landbruk er därleg økonomi. Er økonomien god, har ein

større høve til å leige hjelp til ulikt arbeid og har større fridom i forhold til ferie og fritid. Graviditet og fødsel er også ei praktisk og økonomisk utfordring for ein kvinneleg bonde. Ingen av dei spurde i undersøkinga kjenner seg diskriminerte som kvinneleg bonde.

4.5.4 Utdanning

Over tid har andel brukarar og ektefellar/sambuarar med landbruksutdanning auka. Auken må sjåast i samanheng med endringa frå mindre til større jordbruksbedrifter der det vert kravd meir fagleg kompetanse (SSB).

I Trendundersøkinga for Møre og Romsdal i 2016 svarar 90 % at dei har fullført vidaregåande skule, 46 prosent har yrkesfagleg utdanning, og 43 prosent av dei spurde har fullført landbruksfagleg utdanning på vidaregåande eller høgskulenivå. Dette viser at utdanningsnivået har gått markert opp sidan 2008 og 2012. Høgare utdanningsnivå speglar den generelle samfunnsutviklinga, men det er også dokumentasjon på at fleire førebur seg på bondeyrket ved å velje utdanning målretta.

Trendundersøkinga utfordra bøndene på å beskrive egen kompetanse. Nesten alle (86 %) seier dei har god eller svært god kompetanse på husdyrhald. For tema som planteproduksjon, driftsteknikk og økonomi er tilsvarande tal 65-70 %, medan eigenvurderinga av kompetanse på marknadsforståing, IKT og skogsdrift er betydeleg lågare.

4.5.5 Rekruttering

Avgangen frå landbruket skjer særleg i samband med generasjonsskifte. Ein stor del av dei beste gardsbruka vi har, investerte sterkt på sytti- og åttitallet. Brukarane nærmar seg no slutten av yrkeslivet, og det ligg an til mange eigarskifte i løpet av dei nærmaste 5 – 10 åra.

På mange av desse bruka er forholda rundt generasjonsskifte og drift høgst usikkert. Den neste generasjonen er typisk midt i sine karrierar, ofte fjernt frå landbruket. Ungdom som veks opp på gardsbruk i dag har same utdannings- og karrieremogleheter som alle andre, og når desse vel andre yrkesløp får dette direkte konsekvensar for rekrutteringa til landbruket. Det finst mange dyktige og engasjerte unge menneske som vil inn i landbruket, men den framtidige bonden er ikkje nødvendigvis oppvaksen på garden eller i lokalmiljøet elles. Det er utfordrande for desse å finne vegen inn i landbruket i dag.



Landbruks- og matdepartementet

Rekruttering til landbruksnæringa, både til landbruksutdanning og bondeyrket, heng nøyne saman med omdømmet til landbruksnæringa og vilkåra for dei landbruksbaserte næringane. Dersom lønsemada og velferdsordningane ikkje er gode nok, vil andre kvalitetar ved yrket ofte kome i bakgrunnen. Dette er sentralpolitiske tema som også må vektleggast lokalt. Mange stader i Møre og Romsdal er det lett å finne seg godt betalt arbeid og der landbruket ikkje kan konkurrere om løns- og arbeidsforhold.

Det viktigaste rekrutteringskriteriet er i følgje Trendundersøkinga at ungdommen vil ha betre betalt arbeid enn det gardsdrift kan gje. Dagens samla rammevilkår med låg forventa inntekt, avgrensa investeringsmidlar, svake sosiale ordningar og kostnadsdrivande regelverk for dei som driv næring, er ikkje konkurranseedyktige. I dag er det også meir lønsamt å selje garden til andre føremål enn å omsetje gardsbruk i drift.

4.6 Kompetanse og utdanning

4.6.1 Rådgjeving

Verdikjeda frå jord til bord er lang og kompleks, med behov for kompetanse frå fleire fagområde.

Rådgjevingstenesta er og skal vere kompetent, kostnadseffektiv og behovsretta. Kvar av organisasjonane har eigenart, behov og roller som skal respekterast, men samtidig må vi sjå tilbodet og etterspørrselen i eit samla næringsperspektiv. Dette handlar om tilbodet i spiss og breidd, men det går også på ansvars- og arbeidsdeling mellom aktørane. Perspektivet kan vere ulikt – rådgjeving er for nokre del av konkurransestrategien, for andre er rådgjevinga hovudproduktet. Fellesnemnaren er bonden som uansett skal betale for totalpakken.

Rådgjevinga må – som før – levere godt på basalkompetanse, men behovet for spissa råd veks. Mot denne gruppa vil rådgjevinga meir fungere som kompetent samtalpartner og som meglar av spisskompetanse etter behov.

Identifikasjon av behov, innhaldet i det samla tilbodet, og organisering av tenestene er strategisk viktige for næringa. Utviklinga er dynamisk, og blir langt på veg styrt av interne prioriteringar og behov. Delar av rådgjevingstilbodet blir dessutan organisert som prosjekt, der midlar frå fylkesmannen og fylkeskommunen er utløysande. Eksempel på dette er vegvalprosjekta i regi av Tine, og Nortura-prosjektet "Økt sau- og storfekjøttproduksjon i M&R".

4.6.2 Landbruksutdanning

Møre og Romsdal fylkeskommune har i regionreforma fått ansvar for oppgåver innan rekruttering, kompetanseheving og likestilling i landbruket. Fylkeskommunen er tildelt jordbruksavtalemidlar frå Landbruks- og matdepartementet.

Gjermundnes vidaregåande skule er den einaste vidaregåande skulen i fylket som tilbyr utdanning innan jordbruk, skogbruk, gartnerfag og andre grøne næringar. I takt med tilbakegangen i landbruksnæringa generelt, har også Gjermundnes vidaregåande skule over tid endra karakter frå å vere ein rein landbrukskule til å bli ein vidaregåande skule med fleire tilbod, deriblant landbruksfag; ein

såkalla naturbrukskule. Møre og Romsdal Fylkeskommune har dei siste åra investert mykje i opprusting av undervisningsbygg og kjøken ved Gjermundnes VGS. I tillegg er det bygd ridehall, og det er planar om å bygge nytt fjøs for mjølkeproduksjon.

Etter ein periode med færre søkerar til agronom- og gartnarutdanning, har utviklinga dei siste åra snudd og skulen har no mange søkerar til landbruksutdanninga. Søkjartala til mellom anna hestefag og studiespesialisering har auka over tid.

Landbruksnæringane er i dag ikkje sikra tilgang til kvalifisert arbeidskraft. Rådgivingsorganisasjonane har vanskar med å rekruttere personar med høgare landbruksutdanning, særleg innan jord- og plantekultur.

Kursserien Aktivt skogbruk er eit viktig praktisk retta opplegg for skogeigarar.

Mange går inn i landbruket i godt vaksen alder, ofte utan grunnkompetanse som basis for å ta gode avgjerder om drift og økonomi. Dette gir eit behov for etter- og vidareutdanning innan landbruksfaga. Naturbrukskulane opplever auka etterspørsel etter skreddarsydde tilbod for brukarar i vaksen alder, og som kan gjennomførast ut frå dei krav og forventningar som den enkelte står ovanfor i eiga bedrift. Fleire naturbrukskulular tilbyr komprimert agronom- og/eller gartnarutdanning tilrettelagt for vaksne i ulike former, som heiltidsutdanning på dagtid, nettbasert utdanning, kveldsundervisning og helgesamlingar. Det kan også vere behov for kortare «lynkurs» eller oppstartskurs for dei som treng ei generell innføring ved overtaking av gardsbruk i vaksen alder.

Gjermundnes vidaregåande skule skal etablere nettbasert agronomutdanning, med aktivt tilbod frå og med våren 2017. Dette blir eit vesentleg tillegg til tilbodet for «vaksne» som går inn i landbruksnæringa.

4.7 Forsking og utvikling

Landbruket er ei kompetanseintensiv næring. Næringa er kompleks og samansett, og med viktige faglege utfordringar over heile verdikjeda.

Landbruksproduksjon er i stor grad geografisk relatert, og i mange samanhengar må FoU-arbeid relaterast til lokale eller regionale forhold. Den evna landbruket har til å initiere relevant forsking, og implementere ny kunnskap i produksjonen vil vere ein viktig suksessfaktor. Dette kallar på samspel mellom næring, rådgjevingsteneste, forvaltning og forsking og utvikling (FoU).

Tradisjonelt sett har intensive planteproduksjonsmiljø vore dei mest aktive brukarane av FoU-miljøa, men behova er like store på sentrale tema som før og førkvalitet, husdyrnæring og husdyrhelse, økonomi, produktutvikling og teknologi.

Landbruksnæringa har behov for FoU aktørar som kjenner lokale forhold, og institusjonane har openbart nytte av forankringa i miljøet regionalt. Ressursane til FoU er ikkje ubetydelege, og lokal gevinst er avhengig av at næringa fyller rolla som bestiller. Dei viktigaste utfordringane må identifiserast og løftast til finansiering og gjennomføring.



NORSØK vart frå 1. januar 2016 skild ut frå NIBIO. NORSØK har hovudkontor på Tingvoll, i samlokalisering med NIBIO sitt avdelingskontor. Norsøk er ein nasjonal aktør med særleg ansvar for å vere kunnskapsnav og pådrivar for økologisk jordbruk. Både NORSØK og NIBIO er viktige aktørar i fagmiljøet.

4.8 Økonomi

Blant bøndene er det stor variasjon i næringsinntekt frå jordbruket. I hovudsak skuldast dette at jordbruksbedriftene varierer mykje i storleik. Her inngår alt frå hobbyprega verksemd til bedrifter med millionomsetning.

4.8.1 Økonomisk resultat - vederlag for arbeid og eigenkapital


Blant bøndene er det stor variasjon i næringsinntekt frå jordbruket. I hovudsak skuldast dette at jordbruksbedriftene varierer mykje i storleik og driftsform. Her inngår alt frå hobbyprega verksemd til bedrifter med millionomsetning.

Norsk institutt for landbruksøkonomisk forsking (NILF) (del av NIBIO frå juli 2015) har i lang tid utført driftsgranskningar av eit utval bruk med ulike produksjonar i ulike deler av landet. Møre og Romsdal høyrer til 'Vestlandet' i dette talmaterialet. Ser ein på perioden 2010-2015, er det til dels store svingingar i denne perioden. Sjølv om prisnivået på dei ulike jordbruksvarer held seg relativt stabilt i Norge samanlikna med veldig mange andre land, er det framleis mange faktorar som verkar inn på det økonomiske resultatet. Mellom anna betyr avlingsnivået og avlingskvaliteten mykje for resultatet.

For alle driftsgranskingsbruka tilhøyrande Vestlandet (dvs. dei fleste typar produksjonar og både små og store bruk) har driftsoverskot jordbruk (driftsresultat minus avskrivingar) auka frå 307 000 kr i gjennomsnitt i 2010 til 403 000 kr i 2015. Særleg var 2012 og 2014 gode år for Vestlandsbonden, med gode avlingar og gode prisar. 2013 derimot var eit dårleg år med låge avlingar, nedgang i mjølkepris, generell kostnadsauke og rekordstore investeringar. Resultat før avskrivingar (EBITDA) har i same perioden auka frå 411 000 kr til 562 000 kr, dvs. ørlite meir rekna prosentvis. Det høyrer med i dette biletet at i same periode har desse bruka blitt større, på same måte som at strukturutviklinga generelt går i retning av færre og større bruk.

4.8.2 Investeringar

Investeringsbehovet er stort for å fornye driftsapparatet og drive stadig meir effektivt. Det har i alle år vore større etterspurnad etter offentlege investeringsmidlar enn tilgjengelege rammer til tradisjonelt landbruk i fylket. For at flest mogleg skal kunne byggje ut, har tildelingane pr bruk gjerne vore lågare enn dei øvre taka som er bestemt sentralt. I følgje Trendundersøkinga svarar 34 prosent at det er svært sannsynleg eller ganske sannsynleg at det vert gjort større investeringar i driftsbygningar på garden dei neste fem åra. Tilsvarande tal var 24 prosent for 4 år sidan.



Investeringsmidlar 2015

Kjelde: Innovasjon Norge M&R

Investeringsmidlane frå jordbruksavtala blir forvalta av Innovasjon Norge.

Investeringsmidlar gjennom Innovasjon Norge er forholdsvis jamt fordelt over heile fylket og på ulike produksjonar. Storparten har gått til kufjøs på einskildføretak og ein del samdrifter, men det er også gjeve løyingar til storfekjøt, sau, geit, høner og gris. Der er nokre løyingar til frukt, bær og grønsaker, reiseliv og bioenergi, og ganske mange tiltak under Inn på tunet og verdiskaping på mat, både til gardsbruk og fellestiltak i marknaden.

Fylkesmannen utarbeider Næringsstrategien for investeringsmidlane i samråd med Innovasjon Norge, Møre og Romsdal fylke og faglaga.

4.9 Bruken av jordbruksareal

4.9.1 Generelt

Om lag 4,5 prosent av landarealet i Møre og Romsdal er jordbruksareal. Bøndene i Møre og Romsdal disponerte eit areal på om lag 537 000 dekar i 2016. Av dette åtte dei 256 000 dekar (47,7 prosent) sjølv. Tala viser ein nedgang i jordbruksareal på vel 56 000 dekar eller 9,4 prosent på ti år (Landbruksdirektoratet). 97 prosent er grovfôrareal. Arealet i ulike vekstgrupper, unntekje frukt og grønsaker, har gått ned dei siste ti åra. Sidan førre landbruksmelding (2012) vart skiven, har arealet gått ned med ca. 23 000 dekar – eller 4,2 prosent.

Den største avgangen av jordbruksareal skjer ved at areal i drift vert teke ut av bruk og ikkje vert vedlikehalde. Årsaker til dette kan vere at arealet er därleg arrondert, ligg avsides til, gir därleg avling på grunn av därleg jordsmonn eller at jorda er vassjuk. Eit anna eksempel er beiteareal som går ut av bruk når bøndene sluttar med husdyr eller reduserer dyretalet. Kor raskt overgangen frå jordbruksareal til anna areal går, er avhengig av naturgjevne forhold som jordtype og klima. I område med godt jordsmonn og klima vil attgroing med kratt og skog starte raskt. I praksis er desse områda tapte som produksjonsareal. I tillegg går jord ut av drift på grunn av omdisponering og nedbygging.

Rapporten «*Vestlandsbonden – vinn eller forsvinn?*» (Agri analyse 2016) viser at frå år 2000 klarer ikkje dei attverande bøndene å drive arealet som vert frigjevne frå dei nedlagte brukna. I praksis vert dette den mest tungdrivne jorda. I den same rapporten vert det peika på at endringar i strukturverkemiddel er svært utfordrande for jordbruket på Vestlandet og at dette er medverkande årsak til bruksnedgangen og dermed arealnedgangen.

Det skjer også ei viss nydyrkning i landbruket, sjølv om denne på langt nær kan kompensere for den jorda som går ut av bruk.

I Meld. St. 11 er det drøfta problemstillingar knytt til myr som er oppdyrka til jordbruksføremål. Dei seinare åra er ein blitt merksam på at dyrka myr er ei kjelde til klimagassutslepp. I statistikken over

nydryka areal er det ikkje skild mellom oppdyrkning av myr og anna jord. Stortingsmeldinga viser til at det er gjort lite forsking på klimaeffekta ved dyrking av myr i Noreg og at det er behov for auka

kunnskap på dette området. Regjeringa har tidlegare varsla at nydrykingsforskrifta skal reviderast. NIBIO har rekna på at eit generelt forbod mot nydrykking av myr kan føre til ein reduksjon i

klimagassutslepp mellom 200 000 og 600 000 tonn CO₂-ekvivalentar i 2050. NIBIO forventar lågare utslepp ved nydrykking av myr ved omgraving, men at effektane på kort og lang sikt framleis er usikre.

Det finst ikkje statistikk som viser kor stort areal som blir grøfta i Møre og Romsdal kvart år. Ikkje alt som vert søkt om tilskott til, vert grøfta. I tillegg er det ein del som grøftar utan å søkje om tilskott.

Møre og Romsdal er av dei fylka som har mest oppdelte driftseiningar. Topografien gjer at mange gardsbruk er naturleg oppdelte i fleire jordstykke, og den store andelen av leigejord som i dag vert drive av enkelte få gardsbruk gjer at driftseiningane i dag består av eit stort antal jordstykke, ofte med store avstandar mellom jord og driftssenter. Det gjennomsnittlege jordstykket i Møre og Romsdal er i dag 8,5 dekar. Til samanlikning har Nord-Trøndelag og Vestfold det dobbelte. Gjennomsnittsbruket i fylket er 15 prosent mindre enn landsgjennomsnittet. Grovförareal som går ut av drift, vert kompensert med at meir og meir kornareal vert brukt til grovförproduksjon. Kornfylke som Vestfold, Akershus og Østfold har auka grasarealet sitt monaleg. I Agri analyse-rapporten vert det hevda at 4,0 millionar dekar av dagens grovförareal på 6,6 millionar dekar kan verte overflødig dersom ein ikkje sikrar kornøkonomien. Gjennomsnittleg bruksstorleik har auka frå 188 dekar i 2007 til 207 dekar i 2016. I same perioden gjekk tal gardsbruk ned frå 3367 til 2621, ein nedgang på 22,2 prosent.

Dyrka jord (dekar) i kommunane	2007	2016	Utvikling %
1502 MOLDE	13986	12087	-14
1504 ÅLESUND	1721	1765	+3
1505 KRISTIANSUND	3125	2923	-6
1511 VANYLVEN	23012	22669	-1
1514 SANDE	7353	5486	-25
1515 HERØY	6118	5203	-15
1516 ULSTEIN	4800	4335	-10
1517 HAREID	4287	3177	-26
1519 VOLDA	18494	15152	-18
1520 ØRSTA	38246	33510	-12
1523 ØRSKOG	5540	4219	-24
1524 NORDDAL	12302	11927	-3
1525 STRANDA	16107	15904	-1
1526 STORDAL	3770	3784	0
1528 SYKKYLVEN	13113	10996	-16
1529 SKODJE	4778	3893	-19
1531 SULA	922	677	-27
1532 GISKE	10319	9158	-11
1535 VESTNES	20624	17566	-15
1539 RAUMA	36133	33879	-6
1543 NESSET	23438	20742	-12
1545 MIDSUND	4692	4681	0
1546 SANDØY	3864	4053	+5
1547 AUKRA	8945	9126	+2
1548 FRÆNA	59102	53530	-9
1551 EIDE	19168	19620	+2
1554 AVERØY	19578	17749	-9
1557 GJEMNES	25484	24904	-2
1560 TINGVOLL	19612	18892	-4
1563 SUNNDAL	22113	20652	-7
1566 SURNADAL	36581	36202	-1
1567 RINDAL	25145	24063	-4
1571 HALSA	16142	13293	-18
1573 SMØLA	15044	14479	-4
1576 AURE	25086	20737	-17
Sum Møre og Romsdal	568744	521033	-8

Dyrkjord for kvar kommune

Kjelde: Landbruksdirektoratet

4.9.2 Beiting

I Meld. St. 11 (2016–2017) er det sett eit mål om å auke utnyttinga av utmarksbeiteressursane. I meldinga er det nemnd fleire grunnar til at beiting er viktig:

- Beitebruk er ein berekraftig utnytting av nasjonale naturressursar
- Beiting i utmark er einaste måte å utnytte fôrressursane til matproduksjon og er viktigaste fôrressurs i lammekjøttproduksjonen

- Beiting bidreg til vedlikehald av eit opent og artsrikt kulturlandskap

Etter nokre år med nedgang i beitebruken, ser me no ein auke i Møre og Romsdal, både når det gjeld småfe og storfe. Statistikk frå søknader om produksjonstilskot viser at tal dyr på beite har auka sidan 2012, både i inn- og utmark.

Konfliktar rundt beiterett og gjerdehald kan gjere det vanskeleg å auke beitinga. Eigedomssstrukturen i utmark er mange stader ikkje tilpassa dagens situasjon og gjer det til dømes vanskeleg med reetablering av beiting. Det er ikkje eit ein tydig regelverk når det gjeld beiterettar, og det er heller ikkje alltid klart kven som skal betale for å sette opp gjerde, og kor det kan setjast opp. Slike konfliktar kjem ofte opp i Jordskifteretten når det ikkje er mogleg å finne gode løysingar på anna vis, men kan også føre til at dyrehaldet med beiting vert avvikla. Mange stader oppstår det konfliktar med andre brukarar av utmarka, for eksempel hytteeigarar.

Ulike typar beitedyr utfyller kvarandre, dei utnyttar beiteressursane på ulike måtar, og dei pleier landskapet ulikt. Det er difor ynskjeleg med beiting av fleire dyreslag i utmarka, både i skog- og på fjellbeite. I Møre og Romsdal, som i resten av landet, er det sau og lam som beitar mest i utmark.

Med heimel i blant anna dyrevernlova er det gitt forskrifter om hald av dei einskilde husdyrslaga. Forskriftene om hald av storfe krev at storfe skal vere på beite eller sikrast mosjon på annan måte i minst 8 veker. For sau og geit er kravet 16 veker. Det er vanskelegare å få til beiting med mjølkekyr i store enn i små besetningar. Ein del produsentar med lausdrift vil dermed få problem med å oppfylle mosjonskravet for kyr ved beiting. Kjøttproduksjon på oksar er lite beitebasert.


4.9.3 Tap av dyr på beite

I «Trender i norsk landbruk 2016» er gardbrukarane spurde om dei har spesielle problem knytt til beitebruk: 38 prosent av dei spurde seier at tap av husdyr til rovdyr har «svært stor betydning eller stor betydning». 23 prosent seier at avgrensa tilgang til

utmarksbeite er eit problem og 37 prosent viser til därlege eller manglande gjerde. Årsaksbiletet til lammetapet er samansett, mellom anna flåttboren sjukdom, infeksjonar, alveld og rovvilt.


Gjennomsnittleg tapsprosent for fylket har gått ned dei seinare åra, men tapa ligg framleis over landssnittet. Tapa i einskilde besetningar er framleis opp mot 50%.

Sauer og lam på utmarksbeite
Kjelde: Landbruksdirektoratet



År	Tap (ca. tusen)
2000	145
2002	142
2004	138
2006	135
2008	128
2010	125
2012	115
2014	120
2016	130

I nokre område er tapsårsakene svært samansette. Både sjukdom og rovvilt er viktige faktorar. Topografi og effektivt renovasjonssystem i naturen gjer det svært utfordrande å finne kadaver. Dette er uheldig – både av omsyn til ei ryddig og «korrekt» forvaltning, men også for omdømmet mot storsamfunnet. Det viktigaste førebyggande tiltak i tillegg til uttak av rovvilt, har derfor vore tidleg sinking, og sekundære tiltak som støttar opp om dette, t.d. utvida tilsyn og tilrettelegging for beredskapsbeiting. Vi har også nokre vellukka vaktarhundprosjekt og kadaversøk med hund i fleire av dei hardast ramma rovvilt-områda. Tilrettelegging for auka beiting i områda rundt innmark fell saman med landbrukspolitiske intensjonar og satsing på kulturlandskap.



Sau erstatta, fordelt på rovviltart

Kjelde: Fylkesmannen

Jerven har ei åtferd som gjer at han tek flest lam på

seinsommaren og mot hausten. Tapsprosenten har gått ned
i forvaltningsplanen for rovvilt i region 6, er det pr 2016 eit
mål om 2 årlege ynglingar av gaupe i delar av Nordmøre.
Siste åra har ein nådd denne målsetjinga, og det er også
påvist ynglingar av gaupe i Romsdal.

Når det gjeld alveld, har det vore drive forsking sidan starten av 1990-talet. Håpet er at ein skal klare
å finne eit forebyggande middel mot sjukdommen. Alveldtapa varierer sterkt frå år til år.

4.9.4 Jordkvalitet

Rundt 4,5 prosent av det totale landarealet i Møre og Romsdal er jordbruksareal. Åtti prosent av
jordbruksarealet vert nytta til grovfôrproduksjon og 16 prosent til beite. Resten av arealet vert brukt
til korn, grønsaker, frukt og bær.

NIBIO gjennomførte ei jordsmonnkartlegging i 2015. Den viser at 42 prosent av jorda i fylket har
svært god jordkvalitet – altså små eller ingen avgrensingar for jordbruk. Dei nordlege delane av fylket
har mest jord med svært god jordkvalitet. Fylket har 50 prosent jord med god jordkvalitet. Jorda i
denne klassen eignar seg i regelen svært godt for gras. Høgt innhald av organisk materiale er den
viktigaste avgrensinga for jorda i Møre og Romsdal, dernest kjem høgt innhald av grus og stein. Jord
med høgt organisk materiale har dårlig bereevne når den er våt, tørkar seint opp og er svært utsett
for pakking.


Grovfôravlingane i Møre og Romsdal ligg om lag på 550 FEm (fôreiningar mjølk) pr. dekar (Landbruk
Nordvest). Dette utgjer ca. 630 kg tørrstoff.

Totalt 46 prosent av dyrkamarka i fylket har behov for drenering. Omtrent halvparten av denne jorda
har ei helling under 6 prosent.

Mange små jordstykke og stor bruk av leigejord gjer det vanskeleg å halde all jorda i drift.

4.9.5 Utviklinga i leigejord

Dyrkjorda er grunnlaget for jordbruket – både før og no. Frå naturen si side har fylket få område
med store samanhengande jordbruksareal. Næringsgrunnlaget har historisk gjerne vore basert på
kombinasjonar mellom fiske og jordbruk eller skogbruk og jordbruk. For å gi plass til fleire, vart
mange bruk delt mellom søskena, og som konsekvens av dette har vi mange relativt små jordbruks-
eigedomar. Dei som satsar på mjølkeproduksjon har behov for store areal, og driftsstrukturen
samsvarar dårlig med eigedomssstrukturen.




Leig areal i prosent av totalt areal - 2016

Kjelde: Landbruksdirektoratet

kroner). Utan priskontrollen vil dette verte langt høgare. Prisen på leigejorda varierer sterkt mellom landsdelar og korleis kvaliteten på jorda er og kva jorda blir brukt til. Ei utgreiing frå Vestfold referert i denne rapporten viser at leigd jord er godt driven, men ikkje så godt som eigd. Noko av bakgrunnen er at leigejord jamt over har dårligare kvalitet og består av mindre skifte.

Omfanget av leigejord har auka i heile etterkrigstida. Det er store skilnader mellom fylka når det gjeld kor mykje av jordbruksarealet i drift som er leigejord. Møre og Romsdal er av fylka som har den største delen leigejord – 51,2 prosent.

I Agri Analyse si utgreiing «Eie eller leie» vert det vist til at priskontrollen har vore viktig for å bremse prisutviklinga på norske gardsbruk. Dei anslår at kjøp av dagens leigejord vil verte på minst 38 mrd. kroner før renteutgifter (til samanlikning er næringsgjelda i landbruket ca. 56 mrd.



Eige / Leigd jord – utvikling over tid

Kjelde: Landbruksdirektoratet

I rapporten «Trender i norsk landbruk 2016» seier 7 prosent av bøndene at dei planlegg å drenere leigd areal, mot 42 prosent eige areal. Dei opplyser også at dei har i snitt 1,7 km køyreavstand til eigd jord, medan avstanden til tilleigd areal er 4,9 km. I undersøkinga går det elles fram at det gjennomsnittlege tal bruk som bøndene leiger frå er 3,2. Mange bønder som har satsa leiger fleire bruk enn dette og har store avstandar til den jorda dei leiger

4.9.6 Jordvern og omdisponering

4.9.6.1 Dagens regelverk

Omdisponering av dyrka og dyrkbare areal skjer gjennom planprosessar etter plan- og bygningslova, og gjennom vedtak om omdisponering etter jordlova. Det er kommunane som i dag har hovudansvaret for desse beslutningane.

Kommunane er planmynde, og skal utarbeide overordna kommuneplanar etter plan- og bygningslova som viser utbyggingsmønster og forholdet mellom utbygging og bevaring. Sikring av jordressursane er eitt av fleire viktige omsyn i planlegging etter plan- og bygningslova.

Arealdisponeringa byggjer i stor grad på lokalpolitisk skjøn, og ei viktig oppgåve for planmynda er å foreta interesseavvegingar mellom ulike formål og samfunnsinteresser. Det har dei siste åra vore ei av forventningane frå nasjonal mynde at kommunane tek omsyn til viktige jordbruksareal.

Jordlova gir eit generelt forbod mot omdisponering, men ved utarbeiding av kommunale arealplanar for utbygging vert jordlova sett til side. Litt forenkla kan ein seie at bestemmelserne i jordlova om omdisponering har sitt verkeområde i det plan- og bygningslova omtaler som LNFR-område (landbruks-, natur- og friluftsområde, samt reindrift).

Hovudregelen i jordlova er at dyrka jord ikkje må takast i bruk til formål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. I særlege tilfelle kan det likevel gjevast dispensasjon dersom kommunen etter ei samla vurdering meiner jordbruksinteressene bør vike. Ved denne dispensasjonsvurderinga skal det mellom anna takast omsyn til samfunnsnytta ei omdisponering vil kunne gje. Det vil då vere relevant å vurdere jordbruksarealet sin tilstand og kvalitet opp mot fordelane ved å gjennomføre det aktuelle tiltaket.

Plan- og bygningslova er det sentrale juridiske verkemiddelet for å gjennomføre jordvernpolitikken. Etter lova har staten ulike verkemiddel for å sikre at den nasjonale arealpolitikken følgjast opp i den lokale arealforvaltninga. Statleg medverknad i planleggingsprosessane sikrar at staten kan bidra til å hindre vesentlege brot med nasjonale mål og retningslinjer.

Fylkesmannen er høyringsinstans i dispensasjonssaker i høve til plan- og bygningslova og har klagerett. Fylkesmannen er også høyringsinstans i plansaker og kan fremje motsegn der ein ikkje tek nok omsyn til jordvernet. I tillegg kan Fylkesmannen klage på vedtak om dispensasjon frå kommuneplanen kor landbruksinteressene som ligg til grunn for arealdisponeringa i kommuneplanen ikkje vert prioritert.

Det er ei heilt sentral føresetnad at det er kommunane som er ansvarleg mynde for arealplanar. Planvedtak om omdisponering av areal er politiske, og det er ein stor grad av skjøn så lenge reglane for prosess og medverknad er fulgt.


Fylkesmannen kan og gjere om kommunen sitt vedtak i høve jordlova dersom vedtaket er i strid med offentlege interesser og er eigna til å trekke praksis i ei klart uheldig retning. Sjølv om det meste av omdisponeringa skjer gjennom planer etter plan- og bygningslova, utgjer søknad frå enkeltpersonar etter jordlova om å bruke hele eller deler av eigedomen til anna formål enn landbruk, også ein stor del av den årlege omdisponeringa. I 2015 utgjorde omdisponering av dyrka jord etter jordloven om lag 22 prosent av all omdisponeringa av dyrka jord i vårt fylke.

4.9.6.2 Tal på omdisponering av dyrka jord

Under skiftande regjeringer har det vore eit mål å avgrense omdisponeringa av dyrka jord. I St.meld. nr. 21 (2004-2005) «*Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand*» blei det såkalla halveringsmålet lansert, noko som innebar ei årleg omdisponering på under 6000 dekar dyrka jord.

Omfanget av omdisponeringa av dyrka jord på landsbasis har dei siste åra vist ein svak fallande tendens. I 2013 var omdisponeringa av dyrka jord den lågaste sidan registreringa starta i 1976, og var for første gong så vidt under 6000 dekar.

I Stortinget sin jordvernstrategi vedtatt i desember 2015 er det sett eit mål om at innan 2020 skal det maks omdisponerast 4000 dekar dyrka jord årleg for landet sett under eitt.



Møre og Romsdal er mellom dei fylka der mest dyrka og dyrkbar jord blir omdisponert til andre formål. I 2015 vart det omdisponert 487 dekar dyrka og dyrkbar jord til andre formål enn landbruk i Møre og Romsdal. Av dette utgjer 370 dekar dyrka jord og 117 dekar dyrkbar jord. På landsbasis er det 11 fylke som omdisponerer mindre enn Møre og Romsdal og 6 fylker som omdisponerer meir.

Omdisponering av dyrka mark, M&R
Kjelde: KOSTRA

Mykje av dei beste areala med dyrka jord ligg der sentrum og tettstadane ein gong vart etablert. I tillegg er det samanheng mellom gode veksttilhøve og tal soltimar, som igjen har samanheng med kor folk gjerne vil bu. I distrikta kan spreidd busetting, som ikkje er forankra i plan, føre til uhedige konfliktar med landbruket, og gje uheldig arrondering på teigane med dyrkjord. Kommunane må arbeide for ei høgast mogleg utnytting av gamle og nye utbyggingsområde. Kombinasjonen av at mange byar og tettstader er omgitt av dyrka jord, og at ein ønskjer ein mest mogeleg kompakt utbygging, gjer det vanskeleg å finne nye område for utbygging utanom dyrka jord.

Vegprosjekt er også ei viktig årsak til at dyrka jord vert omdisponert og oppstykket til mindre drivverdige teigar. I nasjonal transportplan (2014-2023) er nedbygging av dyrka jord på grunn av riksveg- og jernbaneprosjekt anslått til å bli om lag 7600 dekar årleg (ca. 700 dekar til riksveg og 60 dekar til bane årleg). Bygging av kommunale og fylkeskommunale veger, gang- og sykkelvegar, eventuelle nye statlege veg- og jernbaneprosjekt og annan infrastruktur kjem i tillegg. Det vil framleis vere ei utfordring å finne gode løysingar for både landbruksinteressene og samfunnet elles.

4.9.6.3 Driveplikt

I 2009 vart lovgivinga på arealsida av landbrukslovgivinga vesentleg endra. På grunn av dei store og raske strukturendringane på 90-talet hadde omfanget av jordleige auka mykje. Det var behov for å sette krav til formalisering og det var behov for regulering av jordleigeavtaler.

Å sikre ressursgrunnlaget for det næringsmessige jordbruket og å ta vare på jordressursane var difor grunnlaget for lovendringane i 2009 der det vart innført ei generell driveplikt på jordbruksareal.

Driveplikta er heimla i §8 i jordlova. Det vart sett krav til eigaren av drivverdige jordbruksseigedomar om at areala skal drivast, anten for eiga rekning eller ved utleige som tilleggsjord på skriftlege avtaler på minst 10 år. Kommunane er pålagde å følgje opp driveplikta og jordleigeavtalar skal leggjast fram for kommunen til godkjenning. Ved brakklegging/vanhevd kan kommunen leige ut areala til tredjeperson. Ved mangel på skriftlege avtalar kan kommunane gi pålegg og ev. oversende saka til fylkesmannen som kan gi tvangsgebyr. Omfanget av driveplikta er vesentleg endra frå fokus på

vanhevd av enkelteigedomar og driveplikt rundt eigarskifte til ei generell driveplikt som regulerer all jordbruksdrift og leige av areal.

Erfaringar viser at den kommunale landbruksforvaltninga har mangel på kapasitet til å handheve drivepliktbestemmelsen og at dette arbeidet fleire stader ikkje vert prioritert.


4.10 Klima og miljø

4.10.1 Klimagassutslepp

Landbruket vert både påverka av klimaendringar og er sjølv ei kjelde for utslepp av klimagassar. Samtidig er landbruket ein del av løysinga på klimautfordringane gjennom produksjon av fornybar energi, materialar og ved lagring av karbon. Næringa står for vel åtte prosent av klimagassutsleppa i Noreg. Utfordringane for skogbruk og jordbruk er ulike: For jordbruk handlar det om reduksjon i utslepp av metangass og lystgass i tillegg til auka karbonlagring – for skogbruk handlar det meir om å auke lagringa av karbon og bruke trevirke til å erstatte andre energikrevjande produkt.

Matproduksjon utan klimautslepp er ikkje mogleg. Klimautslepp frå biologiske prosessar er vanskeleg å kontrollere og regulere. Likevel er det mogleg å redusere klimabelastninga ved å tilpassa drifta på kvart einskild gardsbruk. Eit stort landsomfattande prosjekt skal vere med på å gje bønder betre informasjon, tilpassa rådgjeving og gode verktøy for å kutte klimautsleppa på gardsbruka sine. Bak prosjektet står Norges Bondelag, Norsk Landbruksrådgiving, Tine, Nortura og Felleskjøpet Agri.

Planen er at eit landsdekkande tilbod om klimarådgjeving skal startast opp i 2018.



Skisse som viser CO2 rekneskap
Kjelde: Miljødirektoratet

Skogen i Møre og Romsdal har eit årleg nettoopptak av CO₂ i storleiksorden 1,1 – 1,4 mill. tonn inkludert greiner, stubbar og røter. Om lag halvparten av dette er bunde i tømmerstokken, resten kan gå inn i CO₂-omløpet igjen.

Tal for reduksjonspotensial for jordbruket er usikre og det trengst meir forsking når det gjeld utslepp av lystgass og metan. Lystgassutsleppa frå jordbruket kan reduserast gjennom god agronomisk drift, blant anna grøfting og riktig gjødsling. Utsleppa av metangass frå husdyrgjødsel kan reduserast ved etablering av biogassanlegg for handtering av husdyrgjødsel. Hittil har manglande bedriftsøkonomisk lønsemeld og usikker teknologi hindra bønder i å investere i biogassanlegg basert på husdyrgjødsel. Landbruket kan redusere forbruket av fossilt brensel gjennom for eksempel å køyre maskinane meir optimalt, ved


innblanding av biodiesel, ha jordteigane meir samla og redusere jordarbeidingsa. Sidan 1990 har utsleppa av klimagassar frå jordbruket gått ned med nesten 10 prosent. Årsaka er mindre bruk av nitrogenhaldig mineralgjødsel, bruk av meir kraftfôr og betre utnytting av mjølkeproduksjonen. Det er likevel stor uvisse rundt utrekningane av utsleppa frå jordbruket – spesielt utslepp av lystgass frå jord. Det er forventa at utsleppa frå landbruket vil halde seg stabile framover. Dersom den auka etterspurnaden etter mat på grunn av folkeauka gir større matproduksjon i Noreg, kan utsleppa auke. Meir import av mat eller fôr vil i stadne gje auka utslepp i utlandet. Skogbruk har ein positiv klimagassrekneskap. Utsleppa er knytte til produksjon av skogplantar og hogst av skog inklusive transport til industrien. Det viktigaste tiltaket her vil vere å få til ein effektiv logistikk i verdikjeda. Dette inneber eit godt utbygd vegnett utan flaskehalsar og å nytte sjøen som transportåre ved vidare utbygging av virkestinalar ved kai.

Det er viktig med tiltak for å auke opptaket av klimagassar. Dette kan skje gjennom til dømes auka skogplanting innanfor rammene av eit berekraftig skogbruk. Tiltak kan vere planting av klimaskog, styrking av skogplantebedringa og ulike skogbrukstiltak som aukar produksjonen. Bruk av trevirke i bygningar kan erstatte meir energikrevjande produkt som betong og stål.

4.10.2 Forureining

Jordbruket er ei kjelde til utslepp av næringsstoff til både til luft, jord og vatn. Utsleppsproblema frå siloar og gjødselkjellarar er i stor grad løyste gjennom ulike tiltak og verkemiddel, og fosforbruken er betre tilpassa plantane sine krav. Bruken av kjemiske plantevernmidler har gått ned. Likevel er det ein god del av dei tilførte næringsstoffa som ikkje vert utnytta.

Talet på gjødseldyreiningar (Gde) i snitt per bedrift med husdyr og gjødseldyreiningar i alt. Fylke. 2014*



Kjelde: Jordbruksstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Gjødseldyreiningar (GDE) for kvart føretak, samt GDE for kvart fylke.

Kjelde: SSB

Strukturendringane i landbruket dei siste åra har gitt auka transportbehov og ujamn fordeling av husdyrgjødsel på areala. Manglande gjødsellagerkapasitet gjer at mange bønder må spreie til ugunstige tider.

Vassdirektivet som Noreg er underlagt, delar inn landet i "vassregionar". Hovudmålet er at alle vassførekomstar skal ha "god tilstand" både med omsyn til forureining og biologisk mangfald. Dei lågare-liggande områda i heile vassregionen har innslag av landbruksverksemd. Påverknadane er størst i dei mest jordbruksintensive områda. Årsakene kan vere nitrogenoverskott i produksjonen, avrenning av silopressaft og avrenning frå husdyrgjødsel. Enkeltår med store nedbørsmengder kan gi særleg stor utvasking av næringsstoff. Næringsavrenning frå landbruk i område med intensiv grønsaks- og grasproduksjon er også ei utfordring. Avrenning av næringsstoff frå jordbruksområda kan gje attgroing i den grad at det oppstår vandringshinder for anadrom fisk (laksefisk).

I enkelte område har avrenning av næringsstoff frå landbruksverksemd gjort at blågrønalgar har etablert seg. Desse er giftige og legg begrensingar på bruken av vatnet både ovanfor landbruket (drikkevatn til dyr på beite) og friluftsliv. Avrenning frå jordbruksaktivitet er ikkje vurdert som noko betydeleg problem i dei store og vassrike elvane, medan små vassdrag og sidebekker til store vassdrag kan vere betydeleg påverka av landbruksforureining (vannportalen.no).

Utfordringane knytt til forureining er fleire:

- Spreiing av husdyrgjødsel sein i vekstsesongen
- Avrenning frå jordbruksareal og tekniske anlegg
- Manglande vedlikehald/grøfting av jordbruksareal

Utsleppa frå landbruksverksemd i Møre og Romsdal viser ein stabil eller minkande tendens dei siste åra. Målt i næringsstoff kjem om lag ein fjerdedel av alt nitrogen, og nær halvparten av alt fosfor som nyttast i jordbruket frå husdyrgjødsel.

4.10.3 Biologisk mangfald

Som forvaltar av store areal med viktige biologiske verdiar har jordbruket eit særskilt ansvar for det biologiske mangfaldet. Ca. 24 % av artane som er kategorisert som trua og sårbare artar er knytt til kulturlandskapet. Desse artane er utsett for ulik påverking frå jordbruket. Dei største truslane mot truga artar i jordbrukslandskapet er gjødsling og sprøyting av tidlegare ugjødsla og usprøyta mark, opphøyr av beite og opphøyr av tradisjonell drift. Tradisjonell drift og aktiv skjøtsel er den beste måten for å ta vare på biologisk mangfald i kulturlandskapet. Til samanlikning finst ca. 48 prosent av truga artar, heilt eller delvis, i skog (kjelde: Norsk raudliste for arter, 2015).

Store areal av tidlegare beita inn og utmark er i gjengroingsfasen. Denne utviklinga har kome så langt at store areal kan få preg av skog på kort tid. Dette gir eit stort tap av biologisk mangfald/ kulturlandskap. Kystlynghei har fått status som prioritert naturtype. Dette gjeld rel. store areal langs kysten av fylket. Mykje av desse areala kan gro att innan kort tid, og dette er ei så stor landskapsendring at vi må sjå på det som eit samfunnsproblem. Dei aktuelle kommunane bør ta dette inn som eit tema i kommuneplanen sin arealdel og oppmodast om å leggja til rette for etablering av beiting.

Både landbruks- og miljøforvaltninga har fleire verkemiddel for å ta vare på biologisk mangfald og kulturlandskapsverdiar. Fjellgardane i øvre Sunndal er eitt av 20 spesielt utvalde kulturlandskap som har fått ei spesiell forvaltning. Ordninga er under utviding til å omfatte fleire område.

4.10.4 Det grøne skiftet – Bioøkonomien

Det er viktig å sørge for mattryggleik for dagens og framtidas generasjonar. I tillegg til å vere matprodusent, er landbruket også ein viktig leverandør av den biomassen vi treng for å få til ein overgang frå petroleumsbasert økonomi til ein ressurseffektiv, kretsløpsbasert bioøkonomi.

Landbruket er ei grøn næring i meir eller mindre permanent skifte. Produktivitetsveksten i landbruket er høgare enn i dei fleste andre næringane over lang tid. Bøndene har jobba langsiktig og systematisk for å få betre genetisk materiale, bere gjødselhandtering og rett medisinbruk – for å nemne nokre få døme. Bondelaget har sett i gang prosjektet Klimasmart matproduksjon, og varsler at ambisjonen er eit fossilfritt landbruk innan 2030. Sjølv om mykje er gjort, er potensialet langt større – og landbruket må nødvendigvis vere ein viktig del av omlegginga til ein berekraftig økonomi basert på fornybare, lokale ressursar.


Noreg har mange fortrinn knytt til råvaretilgang, næringsmessige tradisjonar, kunnskap og teknologi.

El vidare satsing på det grøne skiftet må skje både i produksjonen på kvar einskild gard, men også i dei landbrukstilknytte næringane. Gardsbruk over heile landet sørger for at lokale ressursar blir utnytta, og bøndene eig store næringsmiddelbedrifter som kan bidra til å utvikle ein sterk bioøkonomi.

4.11 Husdyrproduksjonane

4.11.1 Mjølkeproduksjon

Møre og Romsdal er eit sterkt mjølk- og storlefylke, med nesten 10 prosent av landets samla mjølkekvote. Mjølkeproduksjonen står for den største delen av verdiskapinga i landbruket i fylket – ca 521 mill. kroner (inkludert geitmjølk) (NILF).



FVekstgruppe grovfôr - areal.
Kjelde: Landbruksdirektoratet


Mjølkeproduksjonen i Møre og Romsdal har utvikla seg omtrent som for landet elles, men har klare særtrekk. Mange går ut av næringa, men mellom dei som ser framover er det stor vilje til å investere. For få år tilbake var det etableringa av samdrifter som stod bak dei største utbyggingane. I dag er ein del samdrifter under avvikling, og tyngda av utbyggingssakene er no enkeltbruk. Strukturutviklinga er langt på veg teknologidriven, der kapasiteten til mjølkeroboten i praksis har lagt føringane for kor stort det blir bygt. I løpet av den siste tiårsperioden har mange investert i driftsbygningar med

plass til 50 kyr eller meir. Egedomsstrukturen er ikkje tilpassa så store einingar, og meir og meir av produksjonen er basert på leigejord, i gjennomsnitt rundt 50 prosent. Dette er utfordrande i forhold til pantegrunnlag og sikkerheit i samband med investeringar eller egedomsoverdraging, men også i forhold til driftskostnadane knytt til transport og drift.

Strukturendringane kan bidra til å gjøre mjølkeproduksjonen meir kostnadseffektiv, men samtidig kan dette kome i konflikt med andre mål som beitekrav og aktivt landbruk over heile fylket.

Topografi og eigedomssstruktur er ikkje tilpassa så arealkrevjande produksjonar som storskala mjølkeproduksjon, og det kan tenkast at mange i vårt fylke får betydelege konkurranselempemper samanlikna med dei mest sentrale jordbruksområda.

Beiting og mosjon er viktig for dyrehelsa, og indirekte også for omdømmet til landbruket. Samtidig er det klart utfordrande at dagleg beiting ikkje er lett foreinleg verken med store driftseiningar eller med mjølkerobot. Regelverket rundt beiting er eitt av fleire eksempel på at ideelle omsyn og den praktiske kvarldagen ikkje alltid møtest.



Tal mjølkekyr M&R
Kjelde: Landbruksdirektoratet

Mjølkeproduksjon er langsiktig og kapitalkrevjande. Som konsekvens av strukturelle endringar og ny teknologi har investeringane i ei «typisk driftsbygning» gått kraftig opp og større husdyrbygningar tilpassa robot og 50 – 60 kyr har ofte prislapp på over 10 millionar kroner. Det er eit stort udekt investeringsbehov i næringa, og oppfylling av ambisjonar om produksjonsmål er avhengige av tilgang til nok kapital på vilkår næringa kan leve med.

Kvar utbygging kan i dag maksimalt få 1,5 mill. kroner i tilskot over bygdeutviklingsmidlane (2016). Det vil ta om lag 30 år før alle har lagt om til lausdrift. Inntil våren 2016 var

det krav om at alle mjølkekryr måtte vere i lausdrift innan 2024, men dette vart forlenga til 2034.

Tine Rådgiving spelar ei viktig rolle. Rådgjevingstenesta har dei siste åra blitt profesjonalisert og utvida, og tilbyr kompetanse og tenester på eit breitt spekter frå produksjonsfagleg rådgjeving til bygningsteknisk planlegging og økonomiske analyser. Tine Rådgjeving opptrer også som samtalepartner i vegvalspørsmål. Konkurransekraft og utviklingsmoglegheiter er nært knytt til godt grovfôr. Meir og betre grovfôr er viktige føresetnader for å løfte mjølkeproduksjonen.

Mjølkeproduksjonen er volumorientert, og inntektsnivået blir i stor grad bestemt av ytre rammer og av god kontroll med kostnadane. Kostnadane stig meir enn produktprisane, og dermed vert tilskota ein viktigare del av totalinntekta. Innanfor desse rammene er rasjonelle produksjonslinjer og god kostnadskontroll nøklane til økonomisk berekkraft.

4.11.2 Kvoteordninga for mjølk og samdrifter – viktig distriktsverkemiddel

Gjennomsnittleg mjølkekvote for ku i 2012 er i fylket på ca. 186 000 liter, noko som er nær lands-gjennomsnittet. I 1998 var den under halvparten, 71 700 liter. Den veldige strukturutviklinga kom etter at det vart høve til å kjøpe og selje kvote, og seinare også leige. Møre og Romsdal har i alle år vore blant fylka der flest bruk har selt mjølkekvoten. Einskildbruk har høve til å kjøpe mjølkekvote frå staten eller frå private, eller dei kan leige kvote frå andre bruk. Det er no 25 prosent av brukta som leiger i snitt nesten 95 000 liter.

Det er det tradisjonelle familiebruket med ein kvote på mellom 50 000 og 100 000 liter som blir mest redusert. Vi ser ein svak auke i tal driftseiningar med over 400 000 liter i kvote.


Reglane for kjøp, sal og leige av mjølkekvote er stadig endra, men det har vore eit strengt regime for å sikre rettvis fordeling av kvotene og tilpasse mjølkemengda til marknaden. Fram til 2014 var det ulike maksimumskvoter for samdrifter (750 000 liter) og enkeltbruk (400 000 liter for kumjølk og 200 000 liter for geitmjølk). Frå 2015 er maksimumskvota 900 000 liter for alle. Det er ikkje høve til å omsette kumjølkkvote utanfor kvoteregionen som er Møre og Romsdal. For geit er Sør-Noreg ein region, men for å kjøpe mjølkekvote er det eit vilkår at ein er i ein kommune der det er geitemjølkekvote frå før. Kvoteregionane påverkar geografisk fordeling av mjølkeproduksjon og med det aktivt landbruk i heile landet.

Etter at det vart høve til å leige mjølkekvote, er det mindre interesse for å etablere samdrifter med sikte på å utvide produksjonen. I 2014 vart i tillegg alle særreglar for samdrifter fjerna, m.a. er det no same kvotetak for samdrifter som for enkeltbruk. Samdrifter må dokumentere utgifter til avløysing på same måte som enkeltbruk. Ein ser derfor ein auke i talet på samdrifter som blir oppløyst. I 2016 er det 2018 bruk med kumjølk som deltek i 103 samdrifter med totalt 45 mill. liter i kvote (28 prosent av alle). Det er ein markert nedgang både i tal og andel samanlikna med for 4 år sidan. For geit er det ei samdrift med to deltararar. Det var tre samdrifter for fire år sidan.

Mjølkerobot erstattar krevjande fysisk arbeid to gonger dagleg alle dagar året rundt, i tillegg til at arbeidstida til brukaren blir meir fleksibel og kan tilpassast sosiale aktivitetar på ettermiddag og kveld. Bruk av mjølkerobot kjem inn på stadig fleire bruk med buskapar på over 30 – 35 kyr. Nokre få samdrifter i fylket har to mjølkerobotor og opp mot 120 kyr. Stykkpris på mjølkerobot er rundt 1,2 mill kr, og årlege serviceavtalar kostar rundt kr 100 000. Dette er praktisk talt det same nivået som var då dei første mjølkerobotane kom for ca. 15 år sidan. Som regel gir mjølkerobot noko auka avdrått pr ku ved fleire mjølkingar pr dag og vel så god jurhelse. Bruk av mjølkerobot krev at kyr som mjølkar held seg i nærliken av fjøset heile dagen, slik at bruk av beite normalt vil utgjere ein mindre del av førrasjonen på desse bruken. Den auka avdråtten har dessutan ført til at kraftfôrbruken har gått opp og at innhaldet av protein i kraftfôret har gått opp.

4.11.3 Storfekjøtt

Kjøttproduksjon på storfe og hald av ammekyr er eit prioritert vekstområde. Næringsstrategien for Møre og Romsdal prioriterer tildeling av midlar til utbygging av kombinert mjølk- og kjøttproduksjon og til spesialisert produksjon av storfekjøtt. Forventa underskot av storfekjøtt i landet er større enn alt storfekjøtt levert frå fylket vårt. Produksjonen av storfekjøtt i Møre og Romsdal auka i perioden 2001 til 2010 med berre 3,7 prosent. Etter den tid har produksjonen gått svakt ned.




Tal ammekyr M&R
Kjelde: Landbruksdirektoratet

Ammekyr blir halde på 280 bruk i fylket med i alt 3 800 kyr (pr. 2015). Dette utgjer berre 5 prosent av talet på ammekyr i landet. Dette er nedgang frå 312 i 2011. Det går an å få driftstilskot for spesialisert storfekjøttproduksjon også for dei som har mjølkekryr dersom ammekyrne er av minst 50 prosent kjøtferase. Det har ikkje vore særleg strukturutvikling så langt. Middels ammekubuskap er 13,5 ku i 2015 mot 9,2 i 2005. Trass sterk nedgang i tal mjølkeprodusentar har talet på bruk med ammekyr også gått ned, men talet på dyr har halde seg nokså stabilt.

4.11.4 Sauer og buskapsstruktur

I alt 1 060 bruk i Møre og Romsdal driv med sau, og er med det produksjonen som har flest utøvarar i Møre og Romsdal. Sau er den største utmarksnæringa i fylket og leverer 1250 tonn kjøtt i året. Etter ein jamm nedgang i tal sauebruk fram til 2013 (997 bruk) er det frå 2014 vore ein auke igjen. Ein del av forklaringa er knytt til regelverket for produksjonstilskot. Endringa har ført til at mange som har utegangarsau i mindre skala no søker om produksjonstilskot, men gjorde det ikkje tidlegare. Det er registrert 52 460 vaksne sauere over eitt år, i snitt 49 sauere pr besetning. Snittet er nøyaktig det same som for 5 år sidan og berre litt større enn for 10 år sidan.




Sauer og lam på utmarksbeite

Kjelde: Landbruksdirektoratet

For både fylket og landet ser ein at sauetalet gjekk jamt nedover fram til 2008 og har deretter halde seg nokså jamt, med ein svak auke sidan 2014. Det blir for tida bygd nokre nye større saufjøs. Det er ein aukande tendens til å halde sauene på innmarksbeite over sommaren sidan det er ein del ledig innmarksbeiteareal der storfehaldet har gått ut. Også på grunn av rovdyr går ein del sau berre på innmark om sommaren. Dei største sauekommunane i fylket er Rauma, Smøla og Fræna. Smøla har meir enn dobla sauetalet siste 10 åra.

Sauenæringa har hatt store utfordringar over tid. Betre vilkår frå 2013 har gitt overproduksjon. Lønsemda er for låg, og næringa slit med store tap på utmarksbeite. Dei siste par åra har det også vore overdekning i marknaden som har gitt dårlegare pris for bonden. Tala for tap av sau og lam på beite har over tid gått sterkt opp, og Møre og Romsdal er mellom dei fylka som slit mest. Gjennomsnittleg lammetap har ligge rundt 8-12 prosent dei siste åra. Dette er uakseptabelt høgt både med omsyn til driftsøkonomi, dyrevelferd og generelt omdømme. Det er også ei stor belastning for dyreeigaren.



Tap av lam på beite, M&R og landet

Kjelde: Landbruksdirektoratet

Problemstillingane er mellom anna knytte til flåtborne sjukdomar og alveld. Freda rovvilt, spesielt jerv, er ei viktig tapsårsak i indre strøk på Nordmøre og i Romsdal, men også bjørn og gaupe har tidvis gjort ein del skade.

Dei viktigaste forebyggande tiltaka er jakt og skadefelling, samt tidleg heimsanking frå utmarksbeite slik at sauene ikkje lenger er i fjellet når jerven er mest aktiv med å gå på sau, og meir bruk av innmarksbeite/ heimebeite.

Lisensjakt på jerv og avklaring av arealfordelinga mellom beiteareal og freda rovdyr, er viktige tiltak

for å unngå store tap i indre deler av fylket. Dei andre tapsårsakene viser seg å vere utfordrande å finne verksame tiltak mot. Dette er utfordrande for kvar enkelt sauebonde, men også for nasjonale styresmakter og aktuelle forskingsmiljø.


Føresetnadar for å halde oppe og utvikle sauennæringa er:

- Beitetapa – uavhengig av årsak – må ned.
- Årsakene til beitetap i utmark må klargjerast
- Problemstillingane mellom beitedyr og rovdyrforvaltning må avklarast
- Sjukdomsproblema (dyreetisk problemstilling) må løysast
- Strukturproblem og låg lønsemd gjer at sauens passar dårleg inn i regelverket for finansiering av driftsbygning.
- Avklaring av mål og analyse av konsekvensar for regelverk er nødvendig

Miljøvennleg kjøtt produsert på marginale ressursar frå utmark og stell av kulturlandskapet er tunge argument for å utvikle sauenhaldet. Effektane i landskapet er naturlegvis proporsjonale med talet på beitedyr. Produksjon basert på utegangarsau har fått eit visst omfang dei siste åra. Denne produksjonen betyr lite for produksjonen av mat, men har ein viss funksjon for å halde oppe kulturlandskapet.

4.11.5 Geiter og buskapsstruktur

Geitehald er konsentrert til visse område av landet. I Møre og Romsdal har vi 27 bruk som produserer til saman ca. 3 mill. liter geitmjølk. Dette utgjer ca. 13 prosent av produksjonen og geitene i landet. Talet på geit gjekk jamt nedover fram til 2009 og har deretter hatt moderate svingingar. Talet på geitebruk er framleis på veg nedover (redusert med nesten ein tredel berre siste 5 åra). Stranda er den største geitekommunen i Sør-Noreg. Elles finn vi geitebuskapar i kommunane Vanylven, Volda, Ørsta, Norddal, Gjemnes og Vestnes. Det er stor interesse for kvotekjøp i geitmjølkproduksjonen. Møre og Romsdal er det tredje største geitefylket i landet målt i produksjon og tal geit, men det femte største målt i tal føretak som har mjølkegeit.




Tal føretak, mjølkegeiter.

Kjelde: Landbruksdirektoratet

Geitenæringa gir relativt gode inntekter på små og brattlente bruk, og geita er sterkt ønska for å pleie kulturlandskapet. Næringa er totalt sett lita, men utviklinga gir grunn til optimisme. TINE Vest sitt anlegg i Ørsta tek i dag imot det meste av geitmjølka som blir produsert på Sunnmøre. Fortsatt vekst vil avhenge av at det blir betre sal eller at produktspeskeret basert på geitmjølk blir større. Møre og Romsdal har den største gjennomsnittskvoten for geitmjølk i landet.

Mjølkeproduksjon på geit gir «overskot» på kje, og anslagsvis 5 000 nyfødde kje blir slakta og destruert kvart år. Med bedre organisering bør dette vere ein ressurs for næringa. Forholda bør ligge godt til rette for å føre opp fleire kje til akseptabel slaktevekt. Dette betyr bedre landskapspleie, bedre ressursbruk og potensielle inntekter til næringa.

4.11.6 Svinehald



Tal slaktegris
Kjelde Landbruksdirektoratet

Svine- og fjørfehald har sidan 1975 vore underlagt avgrensingar i besettingsstorleik (*lov om regulering av ervervsmessig husdyrhald*). Bakgrunnen for lova var at utviklinga innanfor desse produksjonane gjekk i retning av industriprega produksjon basert på innkjøpt kraftfôr. Dette vart sett på som lite ønskeleg ut frå landbrukspolitiske mål.

Maksimumsgrensene for konsesjonsfritt svinehald har vore endra fleire gonger, og grensene er no 2100 omsette eller slakta slaktegrisar pr år eller 105 innsette avlspurker.

Produksjonen av svinekjøtt er meir enn dobla sidan byrjinga av 1960-talet. Andel svinekjøtt av total kjøtproduksjon utgjorde 39 prosent i 2009, det same som i 1990. Dette utgjer 2525 tonn svinekjøtt, noko som gjev ei verdiskaping på 63 mill kr i Møre og Romsdal. Nesten 80 prosent av kraftfôret som vert nytta i svinekjøtproduksjonen, kjem frå norskprodusert korn.

I Møre og Romsdal er det i dag ca. 1740 avlspurker (2 prosent av landet) fordelt på 39 bruk. Det er 53 bruk som leverer slaktegris. Ein del av desse har kombinert produksjon (både purker og slaktegris).

Purkeringen i Møre og Romsdal er ein samarbeidsmodell med ca 20 medlemmer. Eit «nav» lokalisert i Tresfjord inseminerer purkene og førar dei fram til det nærmast seg grising (fødsel). Deretter blir dei direkte purkene transportert til ein smågrisprodusent (satellitt), der grisungane blir fødde og føra fram til slaktegris, medan purka returnerer til «navet» for ei ny inseminering og oppfôring. Nokre av satellittane sel også smågris for framfôring hos andre. Purkeringen har medverka til at Møre og Romsdal relativt sett har teke større del av auken i kjøtproduksjonen på gris enn for storfe og sau i det siste tiåret.

Det er velkjent at ein variant av multiresistente bakteriar kan smitte mellom svin og menneske (MRSA), og det er nulltoleranse for MRSA i svinebesetningar. Konsekvensane av påvist MRSA er dramatiske for den enkelte bonde – tiltaket er full sanering. I Møre og Romsdal har vi så langt (2017) ikkje fått påvist MRSA i svinebesetningane, men produksjonsmodellen med transport mellom nav og satellitt gjer næringa svært sårbar. Både myndigheter og næring må ha stramt fokus på driftsrutinar og kontrollar for å hindre at MRSA kjem inn i besetningane.

4.11.7 Fjørfe

Konsesjonsgrensene på slaktekyllingproduksjon er 280 000 omsette eller slakta kyllingar per år, i kalkunproduksjon 60 000 omsette eller slakta kalkunar per år og eggproduksjon 7 500 innsette høner.

Møre og Romsdal har i dag ca. 137 000 verpehøner (3,0 prosent av landet) på 134 bruk. Den største eggproduksjonen finn vi i Vanylven og Hareid. På Rovde i Vanylven har fem bønder som dei einaste i landet samlokalisert sine frittståande hønsehus i samsvar med konsesjonsreglane og med det skapt fagmiljø og meir rasjonell leveranse. Egg blir dels levert til Nortura (i Trondheim) og del direkte til kjedebutikkar. Det er få (i 2017 berre ein) produsentar av kylling i Møre og Romsdal.

4.11.8 Hest

Hestehaldet på gardsbruka og elles som næring og hobby har vakse raskt i fylket dei seinare åra. Møre og Romsdal har fleire gode hestemiljø, 22 rytterklubbar, ridebanar og ridehaller i regi av klubbar eller privat, dessutan fleire travbanar. Hest er ofte nytta i Inn på tunet, i turistnæringa, og ved festlege arrangement. Fylket har veterinærar med spesialkompetanse på hest.

Gjermundnes vidaregåande skule har utdanningstilbod Vg 2 Heste- og hovslagarfag, som kombinert med fleire skuleår kan gi fagbrev og hestefaglært, eller agronom- eller studiekompetanse med Vg 3 landbruk eller naturbruk. Skulen har stallplass til 20 hestar(også elevhestar), beite, banar og det blir bygd ridehall på skulen.

Landbruket leverer fôr til hest samt ein del stallplassar. Hesten er eit godt beitedyr, bra i sambeiting med andre husdyr. Det har nokre år ikkje vore husdyrtilskot for hest, men frå 2017 er visse hesterasar omfatta av tilskot til bevaringsverdige husdyrrasar. Alle hestar føretaket disponerer eller har beiteavtale for kan få tilskot på innmarks- og utmarksbeite.

Utfordringar knytt til hestehaldet og landbruket er:


- Utvikle næring av varer og tenester som kvalitetsfôr og stallplass for hest
- Retningsliner og avtaler for organisert bruk av hest på landbruksareal
- Opparbeide vegar og stiar som er lagt til rette for riding frå anlegg ut i terrenget utan bruk av offentleg veg
- Godkjenning av hest som næring i skatteetaten

4.11.9 Pelsdyr

Pelsdyrhald for produksjon av skinn starta opp som ein tilleggsproduksjon til tradisjonelt jordbruk mellom 1910 og 1920. No vert pelsdyrhald delvis drive i kombinasjon med anna jordbruk, vanlegvis kombinert med mjølkeproduksjon i vårt fylke, men også delvis som ein separat produksjon. Det vert produsert skinn av mink og av fleire typar rev. Pelsdyrhaldet skil seg frå resten av landbruket i Noreg ved at produksjonen i hovudsak er retta mot verdsmarknaden. Pels som moteplagg svingar mykje i popularitet, og skinnprisane og økonomien i produksjonen følgjer desse svingingane. Det har i mange år vore ein del motstand mot pelsdyrhald og usikkerheit knytt til rammevilkår for denne produksjonen. I skrivande stund er ei ny stortingsmelding om pelsdyrnæringa blitt behandla i Stortinget og ein konklusjon er at næringa får bestå vidare. Det er pr 2017 17 pelsdyroppdrettarar i fylket med til saman 2 000 minktisper og 2 250 revetisper. Det største pelsdyrmiljøet i fylket er i Norangsdalen i Ørsta.

4.12 Planteproduksjon

4.12.1 Korn




Areal vekstgruppe korn
Kjelde: Landbruksdirektoratet

Møre og Romsdal er eit lite kornfylke, og produksjonen har tradisjonelt vore kombinert med grovfordyrking. Dette biletet har forandra seg dei siste åra. Ein del av dei som har slutta med husdyrhald har gått heilt over til kornproduksjon på eige og leigd areal. Det er også eit potensiale i kryssing av korn (tresking, knusing og ensilering av umodent korn), som kan gå inn i fôrrasjen i mjølkeproduksjonen som delvis erstatning for innkjøpt kraftfôr. Totalarealet i 2016 er på omtrent 13 500 dekar fordelt på 120 produsentar. Kornproduksjonen skjer i hovudsak i Surnadal, Sunndal, Fræna og Rauma

4.12.2 Frukt og bær

Frukt og bær er totalt små produksjonar, men med stor lokal betydning. Dette dreiar seg først og fremst om frukt- og bærmiljøet i Valldal, men det er også betydeleg produksjon av bær i Molde.




Areal Grønsaker, frukt og bær
Kjelde: Landbruksdirektoratet

Jordbærproduksjonen varierer mykje frå år til år. I Valldal frå opp mot 700 tonn til ned mot 100 tonn. Ordbærprodusentane i Valldal leverer det aller meste til konserveindustriens og dekker omtrent halvparten av den marknaden. Det er potensiale for å auke produksjonen, og det blir arbeidd med å knytte til seg fleire produsentar. Miljøet har tatt grep for å bygge merkevare og utvide produktspekteret.

Sjølv om miljøa på frukt og bær er små i det totale bildet, gir dei eit viktig bidrag til allsidigkeit og breidde i produksjonen. Dette er kompetanseintensive


produksjonar, og konkurranseskraft er avhengig av eit godt samspel mellom produsentar, rådgjevingsapparat og forsking. Det er etterspurnad etter bær i Norge både til konsum og industri. Bærmiljøa i Møre og Romsdal kan ta ein større del av marknaden her i landet.

4.12.3 Poteter og grønsaker



Tal føretak - vekstgruppe potet
Kjelde: Landbruksdirektoratet

Potetproduksjon har i løpet av to tiår gått frå småskala produksjon på mange bruk, til profesjonell storskala-produksjon med få aktørar. Her i fylket er det særleg bønder i Sunndal som har satsa på potetdyrkning. Omsetninga har gått opp gjennom fleire år, og der er framleis rom for vekst. Potetprodusentane er avhengig av jord med dei rette kvalitetane, og det er også nødvendig med vekstskifte og samarbeid med bønder som har andre kulturar.




Areal Vekstgruppe potet
Kjelde: Landbruksdirektoratet

Smøla har fleire produsentar som over tid har satsa på kålrot eller gulrot. Miljøet på Smøla står for det aller meste av grønsakproduksjonen i fylket. Gulrotproduksjonen har tatt seg ein god del opp, og gir viktige bidrag lokalt. Også produsentmiljøet knytt til Valldal Grønt har ein mindre produksjon av grønsaker (kålrot) og poteter.

Desse miljøa er fagleg sterke, og produksjonane set krav til godt samarbeid med rådgjevingsteneste og forsking. Hos mottaksanlegga er det kapasitet til å handtere større volum enn i dag. Ein auke i leveransane gjennom desse anlegga vil styrke anlegga, og samstundes gje høve til betra lønsemd i eksisterande volum.

4.12.4 Økologisk landbruk



Økologisk - prosent av total
Kjelde: Landbruksdirektoratet

Økologisk landbruk byggjer på internasjonale prinsipp om helse, dyrevelferd, kretsløp, rettferd og varsemd. Denne typen landbruk inneber bruk av lokale og fornybare ressursar på kvart gardsbruk og bevaring og forvaltning av biologisk mangfold og variert kulturlandskap.

Etterspørsla etter økologiske produkt har auka over fleire år, men nasjonal produksjon har ikkje klart å fylle behovet. Det blir derfor eit trykk mot importvernet, og det er ein reell fare for at norsk landbruk taper marknadsandelar.

Møre og Romsdal er ikkje mellom dei fremste fylka på økologisk landbruk. Vi har nokre aktive produksjonsmiljø, men samtidig er vi langt unna å nå dei politiske

ambisjonane om 15% økologisk produksjon i 2020. Produksjonen i Møre og Romsdal auka fram til 2010, men har dei siste åra gått tilbake. Regjeringa foreslår (St meld 11 2016/17) å gå bort frå produksjonsmålet, og overlate meir til marknadsmekanismane.

Tine og Nortura vil konsentrere økoproduksjonen til nokre få område i landet, for å få rasjonelle linjer rundt logistikk og foredling. Bønder i Møre og Romsdal som vil legge om til økologisk får ikkje nye avtalar om leveranse av økomjølk. Dei som har slike avtalar får fortsette drifta, men produkta går inn i den generelle varestraumen. Med dette som bakteppe har grøntområdet størst potensiale.

4.12.5 Bioenergi

Ny fornybar energi er eit av satsingsområda når det gjeld den totale energibalansen i Møre og Romsdal fylke. Bioenergi representerer det største potensialet på kort sikt. Auka bruk av bioenergi vil bidra til å oppfylle klimapolitiske mål, og mål om auka energifleksibilitet. Overgangen til bioenergi er

også eit svært kostnadseffektivt klimatiltak, og vil kunne bidra til bevaring av kulturlandskapet og hindre gjengroing.

Skogbruket vil spele ei vesentleg rolle i overgangen til bioenergi. Det er viktig at tilhøva vert lagt til rette både for dei som ønskjer å satse på heile verdikjeda i form av leveranse av ferdig varme, og for dei som ønskjer å berre vere råstoffleverandør.

Landbruket har fått viktige erfaringar med å produsere metan basert på husdyrgjødsel. Teknologien fungerer, men lave prisar på alternative energiformer har gjort at satsinga så langt ikkje er kommersielt berekraftig. Det blir jobba med å utvikle nye løysingar, både på teknologi og på logistikk.

4.13 Andre landbruksbaserte næringar

Norsk landbruk har drive med kombinasjonsnæringer i alle år og dette har vore ein føresetnad på mange gardsbruk for å ha nok inntektsgrunnlag. Innanfor bygdenæringerne har det skjedd mykje dei siste tiåra: Det har mellom anna vokse fram næringar knytt til reiseliv, helse og omsorg og mat med lokal identitet. Meir fritid, auka merksemد om helse og auka kjøpekraft opnar for å etablere nye verksemder og arbeidsplassar. Ein viktig del av dette vil vere å utnytte lokale og regionale sær preg til å skape konkurransesfortrinn. Eit løft for bygdenæringerne føreset at alle ressursar i bygda i landbruket vert teke i bruk. Utan eit sterkt tradisjonelt jordbruk fell også grunnlaget for å etablere bygdenæringer bort. Landbruksnæringa er framleis mannsdominert, men bygdenæringerne har vist seg å gje attraktive arbeidsplassar for kvinner. Mange opplever at næringar som Inn på tunet, reiseliv og produksjon av lokal mat gir høve til å bruke eigne interesser, utdanning og erfaringsbakgrunn.

Det finst lite konkrete tal for kor stor andel bygdenæringerne utgjer i årsverk eller i inntekter i Møre og Romsdal. Utrekningar på landsbasis viser at bygdenæringerne sitt bidrag til familieøkonomien framleis er lite, trass i ein liten auke det siste tiåret. Likevel er dette ei viktig inntektskjelde for einskildbruk.

Trendundersøkinga for Møre og Romsdal har spurd bøndene om dei driv næringsverksemد med utgangspunkt i bruket sine ressursar. Vel ein firedel tek på seg oppdrag som leigekøyring, slått, brøytning, strøing osv. Nesten like mange driv med vedproduksjon eller leiger ut jakt- og/eller fiskerettar. Ein prosent svarar at dei driv med gardsmat og tre prosent driv med Inn på tunet. 14 prosent svarer at dette har stor eller svært stor økonomisk betydning for inntekta frå bruket. Gjennomsnittleg næringssinntekt frå dette er oppgitt til 119 000 kroner.

Kommunane er førstelinjeneste for mange av landbrukets verkemiddelordningar. Hoppid-apparatet tilbyr relevante kurs og individuell rådgjeving for alle som vil utvikle forretningsidear og starte ny verksemđ.

Landbrukstilknytta næringar dekkjer så stort tematisk område at det er vanskeleg å lage generelle strategiar. Det må vere samsvar mellom politiske ambisjonar, disponibele ressursar for tiltak og strategiane for bruk av verkemiddela. Frå 2013 er dei landbruksretta verkemiddela til næringssutvikling og miljøsatsing samlast i ein strategi – Regionalt Næringsprogram (RNP).

Landbruket forvaltar store viltressursar. Omrekna til slaktevekt representerer uttaket årleg førstehandsverdi på om lag 42 millionar kroner. Legg vi til verdien av reinsjakta er denne verdien nær 50 millionar kroner kvart år.

4.13.1 Reiseliv

Levande bygder og bygdebaseret reiseliv er gjensidig avhengig av kvarandre. Norsk bygdeforsking har estimert lokal omsetjing for gardsturisme til om lag 1 milliard kroner på landsplan, og nær 3000 sysselsette kan vere knytt til gardsrelatert turisme. Bygdeturisme har potensiale til vekst og auka lønsemd, men har samtidig lett for å bli usynleg mellom dei store reiselivsaktørane. Den landsdekkande bransjeorganisasjonen «Hanen», som organiserer leverandørar av lokal mat og bygdeturisme, har 35 medlemmer i Møre og Romsdal.

4.13.2 Kultur

Landbruket er kulturberar og leverer viktige bidrag i form av opne landskap og velstelte bygder, men så langt har lite av inntektene kome næringa direkte til gode. Norsk Kulturarv kan vere ein aktuell samarbeidspartner for både kommunar, bygdelag og gardbrukarar som ynskjer å utvikle næringsverksemd på grunnlag av verneverdige bygningar og kulturlandskap på garden.

4.13.3 Lokal mat

I følgje Matmark omsette norske matspesialitetar for nær 4,8 milliardar kroner i 2016. Dette er ein vekst på 8,8 prosent frå året før – ein omsetningsvekst som tre gonger så stor som i resten av daglegvaremarknaden. Regjeringa sitt mål er at innan 2025 skal omsetninga av lokal mat vere 10 milliardar kroner.

Omgrepet Lokal mat har ingen klar definisjon – men vi tenkjer brukar uttrykket for å beskrive småskala produksjon basert i hovudsak på lokale råvarer, og med lokal identitet. Dei som driv med dette opererer gjerne i grenseflata mellom fleire sektorar; landbruk, sjømat og reiseliv. Dei som driv med lokal mat må stå for marknadsføring og sal sjølv. Utfordringa med konkurranse frå andre blir dermed merkbar på ein heilt anna måta enn for den som leverer sine produkt for vidareforedling og sal gjennom t.d. TINE eller Nortura. Det same gjeld utfordringar med m.a. logistikk.

Det har skjedd mykje positivt kring lokalmatsatsinga i Møre og Romsdal dei siste åra. Vi har over 100 lokalmat-produsentar her i fylket, og talet på både produkt og produsentar aukar, men det finst ikkje god nok statistikk over talet på produsentar, sysselsetjing og omsetjing.

Ein viktig møtestad for lokalmatprodusentar og serveringsstader med lokal mat er dei årlege kursdagane MRmat som vert arrangert ulike stader i fylket.

Aktive matnettverk i Møre og Romsdal:

- *Hanen Møre og Romsdal*
- *Bondens Marked Møre og Romsdal*
- *Den Gode Maten Rindal (Surnadal, Sunndal, Halsa)*
- *Nordvestmat BA (Nordmøre og Romsdal)*
- *The Happy End-Norddal (Norddal)*
- *Matprosjektet frå Gjøra (Sunndal)*
- *God mat på123.no (Landsdekkande*

4.13.4 Inn på tunet

Inn på tunet (IPT) er ei beskytta merkevare. Det er tilrettelagte og kvalitetssikra velferdstenester på gardsbruk. Tenestene skal gje meistring, utvikling og trivsel. Aktivitetane i tenestetilbodet er knytt opp til garden, livet og arbeidet der. Det er etablert ein eigen nasjonal kvalitetsstandard innanfor



KSL-systemet, som blir revidert av KSL-revisorar. Matmerk har ansvaret for godkjenningsordninga og oppfølging av denne. Bonden er tilbydar, innbyggjarane i kommunane er brukarar og kjøparane er ofte kommunane. Kjøparane har fagansvar for tenestetilbodet til brukarane. Tenestene blir oftast kjøpt av den einskilde kommune sin fagetat eller resultateining.

Fleire kommunar kjøper tenester av bønder som sel grøn omsorg og ikkje er godkjente IPT-bønder. I Møre og Romsdal er det no registrert 17 godkjente inn på tunet bønder jf. www.matmerk.no. Ikkje alle i næringa har ønska å søkje om godkjenning i Matmerk sitt system. Det blir rekna som eit sannsynleg tal at det kan vere om lag 30 bønder som sel velferdstenester på gardsbruk.

I 2014 vart «Inn på tunet Møre og Romsdal stifta». Denne organisasjonen har hatt ein vekst frå 13 til 25 medlemar i januar 2017. Ein føresetnad for medlemskap er at medlemen skal vere søkerprosess for å bli godkjent IPT-bonde. På Sunnmøre er eit nytt inn på tunet nettverk under stifting. Bedrifta «Byrg kompetanse» står som initiativtakar av denne stiftinga saman med 6 bønder i kommunane Stranda, Sykkylven og Norddal. Dette nettverket har som mål å verte medlem av Inn på tunet Norge som er sterkt knytt til Norges Bondelag.

Det er i perioden utarbeidd eigen nasjonal rettleiarar på område «*Inn på tunet – gården som læringsarena for barn og unge*» og nasjonal handbok «*Inn på tunet dagaktivitetstilbod tilrettelagt for personar med demens*».

Landbruket som integreringsarena er eit område som har fått aktualitet ved fleire høve i slutten av 2016. Dette er ein naturleg følgje av trongen for tilbod til nye busette flyktningar i Møre og Romsdal. Fleire IPT-bønder var alt i midten av 2016 i gong med tilbod til flyktningar. Integrerings- og mangfaltsdirektoratet (IMDI) har vore bidragsytar inn i dette samarbeidet.

4.13.5 Andelslandbruk

Den stadig sterkare interessa for andelslandbruk og urbant landbruk heng gjerne saman med folk sine ønskje om auka kunnskap og den einskilde si glede ved å dyrke sjølv.

Urbant landbruk – ulike initiativ og aktivitetar som primært blir basert på å produsere og omsette mat og planter i bynære miljø eller i byen. Balkongkassar, tak, villahagar, unytta areal og bynære landbruksareal kan takast i bruk. Kan vere andelslandbruk.

Bynært landbruk – profesjonelt, næringsbasert og gjerne tradisjonelt landbruk i byane sin randsone og områda kring. Jordbruk, skogbruk, husdyrhald, Inn på tunet, andelsgardar, hestegardar m. fl. hører til her.

Andelslandbruk – bondeeigde andelslandbruk og forbrukareigde andelslandbruk. Desse er drivne av bonden som næring eller av forbrukarane grunna i idealistiske grunnar. Dei aller fleste har økologisk

driftsform. I Møre og Romsdal syntet ei undersøking i 2016 at det er 9 andelslandbruk i Møre og Romsdal.


Urbant landbruk ein legitimetsbyggjar for det bynære landbruket. Fleire innbyggjarar blir interessert i landbruk og vekstprosesser. Denne delen gjer landbruket «trendy».

Urbant landbruk legg til rette for møtestader i lokalsamfunnet. Urbant landbruk ein god arena for integrering. Urbant landbruk på tvers av generasjonar og nasjonalitet. Urbant landbruk gjev positiv omtale av byen og er trendy for barnefamiliar. Det gjev grøne lommer med uteliv og arbeid og ei positiv merksemnd frå folk som er bevisst på kva maten dei et inneheld. Det gjev byfolk større fokus på estetikk, agronomi og sunn mat. Mange fleire av dei som bur i byen blir merksam på kor maten kjem frå, det gjev dei fleire hyggelege møtestader i byen og auka tilhøyre til eigen by og til landbruket. Dette kan gje det lokale og det norske landbruket ein sterkare legitimitet.

4.14 Skogbruk

4.14.1 Ressursar

Naturskogen består av furu og lauvskog. Dei viktigaste furuområda er i midtre og nordre del av fylket medan lauvområda er i indre og søre delar av fylket. Naturskogen er for det meste glissen og nyttar ikkje marka si produksjonsevne. Det vart planta mykje på femti- og sekstitallet, og desse bestandane har no blitt hogstmodne. Vi står føre ei kraftig auke i avverkinga.



Skogressursar i M&R
Kjelde: Landsskogtakseringa 2002


Landskogtakseringen begynte i 2016 på ein ny takst av skogen i fylket. Dette arbeidet tek 4-5 år.

Skogen i Møre og Romsdal er taksert fire gonger i perioden 1962 – 2002. I tillegg finst det tal frå 1930, sjølv om desse er noko meir usikre. Tal og figurar nedanfor refererer til Landsskogtakseringen sine tal frå 2002.

Både areal, volum og tilvekst er i sterkt utvikling. Møre og Romsdal fylke har eit areal på i alt 14,6 millionar dekar, av dette er 25 % skogkledd mark.

Av samla skogareal er ca. 2.840.000 dekar rekna som produktiv skogsmark. Sett i høve totalt skogareal i Noreg utgjer dette om lag 4 %. Utrekningar som er gjort av Institutt for Skog og landskap viser at knapt 70 % av den produktive skogen i fylket er økonomisk drivbart med rammevilkåra vi har i dag.

Størsteparten av arealet som det ikkje lønner seg å avverke ligg i liene langs enkelte fjordarmar. Desse areaala består til dels av gammal samanhengande furuskog og gammal lauvskog. Det er registrert stor biologisk verdi på enkelte av desse areaala, og dei bør vurderast i samband med prosessen omkring frivillig vern.



Skogarealet i M&R

Kjelde: Landsskogtakseringa

Det vil vere viktig at langsiktig arealforvaltning i kommunane sikrar at dei beste produksjonsareala blir verna mot utbygging. Omdisponering av skog til anna areal bør i størst mogleg grad leggjast til areal med lågare bonitet der konsekvensene for skogbruket som næring, og som forvaltar av biologisk mangfold, er minst mogleg.

4.14.2 Biologisk mangfold og vern av skog

Det var eit nasjonalt mål å stanse tapet av biologisk mangfold innan år 2010. Vern av skog er eitt av fleire tiltak for å sikre viktige naturtypar og biologisk mangfold. Per i dag er 36 560 dekar produktiv skog i Møre og Romsdal verna i medhald av naturvernlova. Dette utgjer 1,3 % av det produktive skogsarealet. Splittar vi det opp i skogkategoriar, ser vi at 2,2 % av det produktive furuarealet og 1,3 % av produktiv lauvskog er verna etter naturvernlova. I tillegg til det verna arealet er om lag 30% av skogarealet definert som ikkje økonomisk drivverdig areal. Naturbasen inneheld stadfesta informasjon om mellom anna verneområde og prioriterte naturtypar, og er eit viktig grunnlag for skogforvaltninga.

4.14.3 Skog og klima

For Møre og Romsdal var utslepp av CO₂ i 2005 på i overkant av 2 mill. tonn

Skogen i Møre og Romsdal har eit årleg nettoopptak av CO₂ i storleiksordenen 1,1 – 1,4 mill. tonn inkludert greiner, stubbar og røter. Netto binding i trevirke over bakken var 0,7 mill. tonn, eller ca. 35 % av utsleppet.

Skog har fått aukande aktualitet som klimaregulator i ulike stortingsmeldingar og klimaavtalar dei siste åra. Det gjeld mellom anna Meld.St. 13- Klimameldinga (2014-2015), Meld. St.6 – Skogmeldinga (2016-2017) og Parisavtalen (tredde i kraft 4.nov. 2016). I Regjeringas bioøkonomistrategi (lagt fram 29.nov. 2016) har skog fått stor merksemrd. Dette har ført til at skogbruket har fått fleire konkrete ordningar/tiltak som skal bidra til auka CO₂-opptak.

I 2015 og 2016 har Stortinget løyvd 15 mill. kroner årleg til eit pilotprosjekt for planting av skog på nye areal. Dette er eit resultat av ein rapport frå 2013 utarbeidd av Miljødirektoratet, Statens landbruksforvaltning og Norsk institutt for skog og landskap. Rapporten konkluderte med at minst ein million dekar kan plantast til med akseptable konsekvensar for naturmangfold, friluftsliv og kulturlandskap. Pilotprosjektet famnar tre fylke og vil etter evaluering bli vurdert implementert i heile landet. Kystfylka har mest areal som er aktuelle for dette tiltaket.

Vidare løyvde Stortinget 33 mill. kroner til klimatiltak i skog i Noreg i 2016. Klimamidla skal gå til skogplanteforedling, skoggjødsling og tettare planting. Ordninga med tilskot til tettare planting har vore i aktiv bruk i her i fylket i 2016.

Skogen si evne til å ta opp CO₂ frå atmosfæren er sterkest frå ungskogstadiet og framover mot hogstmoden alder. Det fører til at hogst av skog som er på veg inn i sin kraftigaste vekstfase er uheldig i høve CO₂-opptak og skogproduksjon.


Bruk av tre til bygningsføremål gir klimagevinst. ZEB (The Research Centre on Zero Emission Buildings) har utarbeida ein livsløpsanalyse av klimautslepp frå ulike byggematerialar. Studien viser at CO₂ utsleppa frå ein berekonstruksjon i tre er omtrent halvparten av utsleppa frå eit tradisjonelt beresystem i stål og betong. Treteknisk har og sett nærare på miljø og klimaeffektar ved bruk av tre i offentlege bygg. I gjennomsnitt gir bruk av 1 m³ trelast ein reduksjon på om lag 1,6 tonn CO₂-ekvikvalenter når den erstattar andre byggematerialar. Ein einebustad som blir bygd i tre kontra andre byggematerialar vil redusere klimautsleppa med om lag 35 tonn CO₂ (bygg på 100 m² nyttar om lag 22 m³ med trelast). Dette utgjer om lag 23 år med utslepp frå ein vanleg bil med ein gjennomsnittleg køyreavstand på 15.500 km. I tillegg kjem effekten ved at karbonet i trevirke blir lagra i byggets si levetid. 1 m³ med trelast lagrar i snitt 800 kg CO₂ per m³ trelast. Ved å nytte eksempla over vil det i tillegg bli lagra om lag 18 tonn med CO₂ i byggets levetid. Inklusive både substitusjons- og lagringseffekten er klimagevinsten om lag 53 tonn CO₂ som svarar til om lag 34 år med bilkøyring.

Det er venta at klimaendringane fører til endra temperatur og årsnedbør, og vekstsesongen kan bli forlenga i delar av Noreg, særleg langs kysten

Dette vil kunne gje auka skogareal og skogproduksjon. Utsiktene til klimaendringar gir større grunn til å vurdere skogbehandling ut frå stormrisiko. Fleire og intense regnperiodar i framtida kan skape uka flom- og erosjonsfare.

4.14.4 Infrastruktur og tømmertransport

Mykje av skogen ligg vanskeleg til. Landsskogtakseringa har vurdert at opp mot 60 % av kulturskogen står i helling brattare enn 30 %. Mykje av arealet er ulendt terreng med dårlig bereevne, og det kan vere vanskeleg å leie bort vatnet etter hogst. Likevel er det stor interesse for å hogge, og aktiviteten har auka år etter år. Store volum kjem opp i hogstmoden alder, og status er at avverkinga for sal har blitt tredobla på få år.



Kaier bruk til tømmertransport

Kartet viser at det er fire kaier som har fått statleg støtte (tømmerkaimidlar) for utbygging/ ombygging til tømmertransport her i fylket. Dei er strategisk og geografisk jamt fordelt. Vidare viser kartet at det generelt er god dekning av kaier som kan nyttast til tømmertransport, men alle er ikkje like godt eigna og rasjonelle for handtering av tømmer.

4.14.5 Industri og foredling


Kvaliteten på furuskogen i Møre og Romsdal er variert med mykje grove dimensjonar og kvistrikt virke. Frå gamalt av har skogen vore brukt til småskala foredling for lokalt bruk som båtar, tønner og fiskekasser, jarnbanesviller m.m. Industrien har arbeidd med utvikling av produkt og marknadstilpassing av produksjonen, og dette har vore medverkande til at prisane på furu no er av dei høgaste i landet. Levering av tømmer til produksjon av royalimpregnering, lafteplank, villmarkspanel og plank til skipsdekk er døme på dette.

Møre og Romsdal er eit stort treforedlingsfylke. I 2005 hadde vi 123 bedrifter i fylket som arbeidde med tre og treprodukt. Totalt var det tilsett 1545 personar innan denne industrien. Då er ikkje møbelindustrien der stoffmøblar utgjer hovuddelen med. Store delar av trelasten som blir nytta i industrien, blir importert frå andre delar av landet og frå Sverige. Det er rekna med at om lag 100.000 m³ trelast blir importert til fylket kvart år.

Møre-Tre i Surnadal har vore det største furusagbruket i fylket, og med det viktig for avsetjing av furutømmer. Dei vil demontere saglina i 2017. Det vil da bli berre tre sagbruk i fylket som tek mot furutømmer av noko omfang. Det er Bøfjorden Sag og Solem Sag i Surnadal, og Amdam Sag og Høvleri i Ørskog. I tillegg finst ei rekke mindre gardssagbruk fordelt over heile fylket.

4.14.6 Eigedomsstruktur i skogbruket

Møre og Romsdal er prega av å vere eit skogreisingsfylke med mange små eigedomar og stor teigdeling. Totalt er det registrert i underkant av 9.000 eigedommar med meir enn 25 daa skog. Dei minste skogeigedommene finn vi i ytre og søre deler av fylket. Tala i figurane under er henta frå Landbruksforvaltingas informasjonsbase (LIB)/Landbruksdirektoratet.




4.14.7 Utviklingstrekk i skogbruket

Møre og Romsdal har dei siste 50 åra vore eit skogreisingsfylke med stort fokus på å bygge opp ressursane. Det er gjennomført treslagsskifte på om lag 20% av den produktive skogsmarka, og vi har no begynt å hauste av desse ressursane.

Vi ser ei utvikling der dei enkelte hogstane blir større, og at skogigarane tilpassar seg ein meir periodisk tømmerleveranse. Dette heng saman med at hogsten no blir gjort av entreprenørar. Dei siste åra har fleire entreprenørar satsa og investert i nytt driftsapparat her i fylket.

Etter 2009 har hogsten av gran auka sterkt. Skogen som vart planta i åra etter krigen er hogstmoden og skal haustast. Hogst av furu har vore rimeleg stabil. Hogsten er konsentrert til Nordmøre der det er lokale kjøparar. Det har dels mangla kjøparar av furu elles i fylket.



Avverking fordelt på treslag

Kjelde: Landbruksdirektoratet

I å mark med dårlig bereevne der vinsjeutstyr med fordel kunne ha vore meir nytta. Vårt fylke har variert topografi, og ei gransking viser t.d. at 63 % av granarealet i Vanylven står i terren med meir enn 40 % helling, medan det i Molde berre er 21 %. Dette gjer at vi i tillegg til ordinært driftsutstyr har behov for stabile og kompetente taubanelag for å kunne utnytte tømmerressursane våre.

På midten av nittitalet fall plantetalet drastisk og det blei bortimot slutt på tradisjonell skogreising med planting av gran etter lauhogst.

Plantinga no skjer som hovudregel etter hogst av barskog. Tal utsette planter har auka noko dei siste åra. Ei tredobling av hogsten dei siste fem åra bør gje tilsvarande dobling av plantetal innan få år.

Plantinga er noko forseinka i høve til hogsten grunna problem med gransnutebilla. Med bakgrunn i stort billegnag første åra etter hogst er det praktisert å vente tre vekstsesongar med planting.

Det er nesten berre gran som har vore planta dei siste åra, - i 2015 utgjorde gran om lag 97 % av dei utsette plantene. Skogkulturaktiviteten er svært varierande dei ulike åra. Tal dekar som er markberedt har vore relativt stabil. Omfanget av ungskogpleie viser ein svak nedgang. Det heng ofte saman med pådrivaraktivitet og tilgang på arbeidskraft. Dei tre siste åra har planting vore prioritert av kommunane grunna auka hogst. Fylket blei sterkt ramma av frosttørke i 2014, noko som førte til omfattande suppleringsplanting.


5 Nøkkeltal – tabellar og figurar

Figur 1 Tal landbruksføretak i kvart fylke	62
Figur 2 Areal dyrka jord i drift i kvart fylke.....	62
Figur 3 Tal mjølkekyr i kvart fylke.....	62
Figur 4 Landbrukseigedomar totalt - 2016.....	63
Figur 5 Grunnkvote kumjølk - fordelt på kommunane.....	63
Figur 6 Grunnkvote geitemjølk - fordelt på kommunane.....	63
Figur 7 Tal aktive føretak (2016)	64
Figur 8 Endring i tal føretak med mjølkekvote - 10 år.....	64
Figur 9 Utvikling i tal føretak og gjennomsnittleg størrelse	64
Figur 10 Arealbruk for kvar kommune - 2016	65
Figur 11 Endring i jordbruksareal sidan 2007	66
Figur 12 Endring i jordbruksareal på 10 år	66
Figur 13 Husdyrhald 2016.....	67
Figur 14 Sauer og lam på utmarksbeite - 2000-2016	68
Figur 15 Økologisk produksjon - 2002 - 2016.....	68
Figur 16 Økologisk produksjon (dekar) - fordeling på kommuner	68
Figur 17 Nyplanting i skogbruket - 1901 – 2015.....	69
Figur 18 Skogkulturtiltak - 1993 - 2015	69
Figur 19 Produktivt skogareal fordelt på treslag	69
Figur 20 Tilvekst fordelt på treslag	69
Figur 21 Produktiv skog – kommune	70
Figur 22 Hogst – kommune	70
Figur 23 Verdiskaping i jordbruket	71
Figur 24 Aldersfordeling aktive bønder 2016.....	71
Figur 25 Jordbruksinntekt i prosent av totalinntekt i husstanden	71
Figur 26 Årleg omdisponering av dyrka jord	72
Figur 27 Leigejord i prosent av total - 2000 til 2016	72
Figur 28 Leigejord i prosent i 2016, kommunevis	72


Møre og Romsdal relativt til andre fylke

Møre og Romsdal er eit sterkt landbruksfylke, der mjølkeproduksjonen står for mykje av verdiskapinga.


Grunnlagsdata for alle figurane på denne sida er henta frå Landbruksdirektoratet (2016)




Figur 1 Tal landbruksføretak i kvart fylke



Figur 2 Areal dyrka jord i drift i kvart fylke




Figur 3 Tal mjølkeyr i kvart fylke



Bruksutvikling i Møre og Romsdal


Talet på aktive bønder har gått ned gjennom fleire tiår, men dei som er att i næringa produserer stadig meir. Brukstalet har blitt halvert sidan år 2000, medan gjennomsnittsarealet no er 207 dekar. Samla jordbruksareal har gått ned med omtrent 50 000 dekar siste 10 år, og med knapt 75 000 dekar sidan årtusenskiftet.

Kjelde: Landbruksdirektoratet
(alle figurane på denne sida)



Figur 7 Tal aktive føretak (2016)


Endringer antall foretak 2007-2016



Kartet viser kvar det har blitt fleire / færre føretak med kvote for kumjølk i løpet av tiårsperioden frå 2007 til 2016.

Figur 8 Endring i tal føretak med mjølkekvote - 10 år

Figur 9 Utvikling i tal føretak og gjennomsnittleg størrelse



Planteproduksjon – arealbruk kommunevis

	Dyrka jord i drift	Korn	Grovfôr	Bær	Potet	Økologisk	Grønnsaker	Frukt
1502 Molde	12087	262	11188	321	2	356	1	10
1504 Ålesund	1765		1765					
1505 Kristiansund	2923		2848	53	22			
1511 Vanylven	22669		22632	9	1	50	1	18
1514 Sande	5486		5486			33		
1515 Herøy	5203		5203			135		
1516 Ulstein	4335		4333		1		1	
1517 Hareid	3177		3151					
1519 Volda	15152		15142	2	1			
1520 Ørsta	33510		33475		2	2425		
1523 Ørskog	4219	156	3995		17	18		
1524 Norddal	11927	62	10858	687	92	365	3	230
1525 Stranda	15904		15895		1	179	8	
1526 Stordal	3784		3690	32				
1528 Sykkylven	10996		10990	2	2	1679		
1529 Skodje	3893		3893					
1531 Sula	677		677					
1532 Giske	9158	95	9063					
1534 Haram	16389		16389			334		
1535 Vestnes	17566	193	17290		19	406	6	
1539 Rauma	33879	1885	31827	22	134	623	1	10
1543 Nesset	20742	287	20439			323	1	
1545 Midsund	4681	101	4580			1247		
1546 Sandøy	4053		4047		6	376		
1547 Aukra	9126	358	8736		6		1	
1548 Fræna	53530	2164	51280	33	4	86	1	2
1551 Eide	19620	191	19424	5		1732		
1554 Averøy	17749		17645		1	111		
1557 Gjemnes	24904	185	24718		1	1423		
1560 Tingvoll	18892	102	18771	13	3	1056		
1563 Sunndal	20652	2229	17071		1352	549		
1566 Surnadal	36202	5022	30971	1	119	933	1	18
1567 Rindal	24063	168	23824			662		
1571 Halsa	13293		13282	10	1	564		
1573 Smøla	14479	55	13873			153	402	
1576 Aure	20737	30	20628	7	2	464		5

Figur 10 Arealbruk for kvar kommune - 2016

Kjelde: Landbruksdirektoratet

Jordbruksareal kommunevis – utvikling over 10 år


	2007	2016	Utvikling		2007	2016	Utvikling
1502 Molde	13986	12087	86	1535 Vestnes	20624	17566	85
1504 Ålesund	1721	1765	103	1539 Rauma	36133	33879	94
1505 Kristiansund	3125	2923	94	1543 Nesset	23438	20742	88
1511 Vanylven	23012	22669	99	1545 Midsund	4692	4681	100
1514 Sande	7353	5486	75	1546 Sandøy	3864	4053	105
1515 Herøy	6118	5203	85	1547 Aukra	8945	9126	102
1516 Ulstein	4800	4335	90	1548 Fræna	59102	53530	91
1517 Hareid	4287	3177	74	1551 Eide	19168	19620	102
1519 Volda	18494	15152	82	1554 Averøy	19578	17749	91
1520 Ørsta	38246	33510	88	1557 Gjemnes	25484	24904	98
1523 Ørskog	5540	4219	76	1560 Tingvoll	19612	18892	96
1524 Norddal	12302	11927	97	1563 Sunndal	22113	20652	93
1525 Stranda	16107	15904	99	1566 Surnadal	36581	36202	99
1526 Stordal	3770	3784	100	1567 Rindal	25145	24063	96
1528 Sykkylven	13113	10996	84	1571 Halsa	16142	13293	82
1529 Skodje	4778	3893	81	1573 Smøla	15044	14479	96
1531 Sula	922	677	73	1576 Aure	25086	20737	83
1532 Giske	10319	9158	89	Møre og Romsdal	568744	521033	92

Figur 11 Endring i jordbruksareal sidan 2007

Kjelde : Landbruksdirektoratet

Tabellen viser sum dyrka mark for kvar kommune, registrert i 2007 og i 2016. Kolonne Utvikling viser tall 2016 i prosent av 2007. Kommunar med verdi > 100 har større jordbruksareal no enn for 10 år sidan. Kartet viser endringane – i dekar – for kvar kommune siste 10 år.

Kartet viser dyrkamark som har gått ut av drift i perioden 2007 - 2016




Figur 12 Endring i jordbruksareal på 10 år

Husdyrhald og beiting

	Mjølke-kyr	Amme-kyr	Andre storfe	Søyer	Lam < 1 år	Mjølke-geiter	Verpe-høner	Avls-purker	Slaktegris
Molde	426	146	118	1070	359			20	103
Ålesund	41		147	377	77				
Kristiansund	43	68	236	265	189				
Vanylven	622	148	1674	1952	720	293	37532		732
Sande	103	28	261	1367	521				123
Herøy	35	14	165	2063	735		15069		
Ulstein	91	54	233	552	202			17	95
Hareid	97		315	267	145		22600		
Volda	516	23	982	1932	754	649	7570	24	712
Ørsta	1323	39	2563	1995	760	616	6414	133	872
Ørskog	186		468	414	132				
Norddal	360	11	587	2149	723	1072		69	751
Stranda	735	45	1760	2521	908	1738		51	637
Stordal	178	12	302	632	218				
Sykylven	333	78	761	1685	584				
Skodje	176		389	218	45				
Sula	23		23	83	21				
Giske	384	114	719	380	154				663
Haram	720	41	1668	1141	435		14767		
Vestnes	827	123	1794	2144	911	92		448	568
Rauma	1206	220	2462	5160	1879			18	478
Nesset	892	198	1662	2624	958		2038		
Midsund	151	22	340	1034	257			20	
Sandøy	243	39	394	227	33				
Aukra	171	328	875	304	89			1	573
Fræna	2786	322	6300	3352	1541			42	774
Eide	828	171	2116	1394	387			7	
Averøy	811	127	1716	1363	344			1	6
Gjemnes	966	323	2322	2207	784	26		31	320
Tingvoll	900	291	1828	1520	347			23	234
Sunndal	661	209	1533	1743	678		21820	25	190
Surnadal	1626	276	3387	2766	1249		15015	90	1361
Rindal	1429	62	2524	1519	705			39	159
Halsa	560	174	1066	1050	408			1	
Smøla	115	179	742	4097	849			2	
Aure	799	201	1530	1618	575				

Figur 13 Husdyrhald 2016

Kjelde: Landbruksdirektoratet




Skogbruk



Figur 17 Nyplanting i skogbruket - 1901 – 2015


Det vart planta veldig mykje rundt 1960, og dette har det no blitt hogstmoden skog av.

Det er nesten berre gran som har vore planta dei siste åra, og i 2015 utgjorde gran om lag 97 % av dei utsette plantene.




Figur 18 Skogkulturtiltak - 1993 - 2015

Skogkulturaktiviteten er svært varierande dei ulike åra. Tal daa som er markberedt har vore relativt stabil. Omfanget av ungskogpleie viser ein svak nedgang. Dei tre siste åra har planting vore prioritert av kommunane grunna auka hogst.




Figur 19 Produktivt skogareal fordelt på treslag

Det er planta om lag 500.000 dekar gran i fylket, men Møre og Romsdal er framleis eit furu- og lauvfylke. Grana produserer 50 % av den totale tilveksten i fylket på berre 20 % av arealet. Tilveksten har vore i sterkt utvikling for alle treslag sidan 1930.




Figur 20 Tilvekst fordelt på treslag

Størsteparten av tilveksten på gran er i hogstklasse 3, og dette er årsaka til at vi enno er i startgropa når det gjeld avverking av gran.




Verdiskaping jordbruksproduksjonen


Verdiskapingsanalysen er ei tilnærming basert på tal frå søknadane om produksjonstilskot i 2016 (Landbruksdirektoratet) og Handbok for driftsplanlegging (NIBIO). Merk at «Grovfôr» er eigen kategori – ikkje fordelt på grovfôrbaserte produksjonar (millionar kroner)



Figur 23 Verdiskaping i jordbruksproduksjonen




Figur 24 Aldersfordeling aktive bønder 2016



Figur 25 Jordbruksinntekt i prosent av totalinntekt i husstanden

Arealförvaltning



Figur 26 Årleg omdisponering av dyrka jord

Det nasjonale målet er at årleg omdisponert areal skal under 4 000 dekar. I forhold til totalarealet svarar dette til ei målsetjing for Møre og Romsdal på litt over 200 dekar.


Kjelde: KOSTRA

Figur 27 Leigejord i prosent av total - 2000 til 2016

Meir enn halvparten av jordbruks-
arealet er i dag leigd. Dette er
gjennomsnittstal for heile fylket.
Andelen leigejord er større på
Sunnmøre enn nord i fylket, og dei som
har investert mykje har typisk langt
meir leigejord enn gjennomsnittet.
Trendundersøkelsen viser at 96 % av
mjølkeprodusentane har leigejord.

Kjelde : Landbruksdirektoratet

Bruksstruktur og leigejord



Figur 28 Leigejord i prosent i 2016, kommunevis

Gjennomsnittsbruket har nesten dobla produksjonen sidan år 2000, men eigedomssstrukturen står fast. Den naturlege konsekvensen er at fleire leiger meir jord enn før, og i dag er meir enn halvparten av jordbruksarealet leigd. Andelen leigejord er større på Sunnmøre enn nord i fylket, og dei som har investert mykje har typisk langt meir leigejord enn gjennomsnittet.

Trendundersøkelsen viser at 96 % av
mjølkeprodusentane har leigejord.
Kilde: Landbruksdirektoratet

Kjelde: Landbruksdirektoratet

6 Definisjonar, forkortinger og kjelder

Definisjonar

Berekraftig utvikling=utvikling som er økologisk, økonomisk og sosial berekraftig

Landbruk= hagebruk, jordbruk og skogbruk

Næringsinntekt= den delen av inntekta som kjem frå ei definert næring

Forkortinger som er brukt i meldinga:

NIBIO – Norsk institutt for bioøkonomi

NORSØK – Norsk senter for økologisk landbruk

NLR – Norsk Landbruksrådgiving

LMD – Landbruks- og matdepartementet

FMLA – Fylkesmannens landbruksavdeling

LIB – Landbrukets informasjonsbase (tilhører Landbruksdirektoratet)

Kjelder:

Ssb.no: Tal frå jordbrukssteljingane

Landbruksmelding for Møre og Romsdal. Møre og Romsdal fylkeskommune 2012

Landbruksdirektoratet : Statistikk frå søknad om produksjonstilskott

<https://www.landbruksdirektoratet.no>

Regional energi- og klimaplan. Møre og Romsdal fylkeskommune 2015

Jordvernstrategi for Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2012

KOSTRA: Kommune-stat-rapportering. <https://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra>

Handlingsplan for økologisk landbruk 2012-2015. Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2012

NIBIO 2016: Norsk institutt for bioøkonomi: Jordsmønnstatistikk for Møre og Romsdal.

Nibiorapport vol.: 2, nr. 35

Norsk Senter for bygdeforskning 2016: Trender i norsk landbruk 2016. Møre og Romsdal.

Prosjektnummer 640 100.

Trøndelag Forskning og Utvikling 2016: Melkeundersøkelse 2016. TFoU rapport 2016:10

Meld. St. 21 (2011-2012) Norsk klimapolitikk

Agri analyse 2015: Eie eller leie? Har leiejord fått eit ufortjent dårlig rykte, og hva er alternativet?

Notat 1 – 2015

NIBIO 2016: Kunnskapsgrunnlag om nydyrkning av myr. Volum 2, nr. 43, 2016

Meld. St.11 (2016-2017) Endring og utvikling. En fremtidsrettet jordbruksproduksjon

Meld. St.6 (2016-2017) Verdier i vekst – Konkuransedyktig skog- og trenæring



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Fylkeshuset, 6412 Molde
Telefon 71 28 00 00
post@mrfylke.no
mrfylke.no